



# Årsmelding 2015

## Masfjorden kommune





## KOMMUNESTYRET I MASFJORDEN 2011 - 2015

Karstein Totland, ordfører (H), Frode Langhelle (H), Wenke F.Ekeren (H), Lene Hansen Kvamsdal (H), John Torgeir Torsvik (H), Kjetil Fjellby (H) Ragnvald Tangedal (A), Arthur Sjursen (A), Bjørn Egil Nordland (A), Marit Steinestø, varaordfører (KrF), Lillian Andvik (KrF), Vigdis Søvik (Sp), Egil Kvingedal (V), Tove Kristin Sleire Tistel (V), Willy Borge (FrP), Erlend Kvamsdal (FrP)

Formannskapet 2011 - 2015: Karstein Totland (H), ordfører, Marit Steinestø (KrF), varaordfører, Lene Hansen Kvamsdal (H), Egil Kvingedal (V), Arthur Sjursen (A)

## KOMMUNESTYRET I MASFJORDEN 2015 - 2019

### Formannskapet 2015 - 2019:

**Karstein Totland, ordfører** - H  
**Torill Torsvik Størkersen, varaordfører** - Ap  
**Frode Langhelle** - H  
**Siri Tangedal Kratzmeier** - KrF  
**Geir Egil Haugsvær** - Sp



**Høgre:**  
 Ordfører  
 Karstein Totland  
 5981 MASFJORDNES  
 Tlf. 56 16 62 20  
 Mobil 977 33 819

[karstein.totland@masfjorden.kommune.no](mailto:karstein.totland@masfjorden.kommune.no)



**Høgre:**  
 Frode Langhelle  
 5984 MATREDAL  
 Mobil 918 21 297

[frode.langhelle@bkk.no](mailto:frode.langhelle@bkk.no)



**Høgre:**  
 Bjarte Andvik  
 5981 MASFJORDNES  
 Mobil 407 51 071

[bjarteandvik@msn.com](mailto:bjarteandvik@msn.com)



**Høgre:**  
 John Torgeir Torsvik  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 900 89 470

[john.torsvik@kvantum.as](mailto:john.torsvik@kvantum.as)



**Høgre:**  
 Atle Nordland  
 5981 MASFJORDNES  
 Mobil 900 26 582

[atle.nordland@hotmail.com](mailto:atle.nordland@hotmail.com)



**Høgre:**  
 Wenke F. Ekren  
 5981 MASFJORDNES  
 Mobil 917 31 320

[wenkefredheim.ekren@masfjorden.kommune.no](mailto:wenkefredheim.ekren@masfjorden.kommune.no)



**Høgre:**  
 Lene Hansen Kvamsdal  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 416 57 182

[lene.hansen.kvamsdal@masfjorden.kommune.no](mailto:lene.hansen.kvamsdal@masfjorden.kommune.no)



**Arbeidarpartiet:**  
 Varaordfører  
 Torill Torsvik Størkersen  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 480 33 312

[torill@vestablikk.no](mailto:torill@vestablikk.no)



**Arbeidarpartiet:**  
 Ragnvald Tangedal  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 915 92 308

[ragnvald.tangedal@bakerhughes.com](mailto:ragnvald.tangedal@bakerhughes.com)



**Arbeidarpartiet:**  
 Arthur Sjursen  
 5984 MATREDAL  
 Mobil 970 80 865

[arthur.sjursen@masfjorden.kommune.no](mailto:arthur.sjursen@masfjorden.kommune.no)



**Arbeidarpartiet:**  
 Bjørn Egil Nordland  
 5983 HAUGSVÆR  
 Mobil 957 46 490

[bjorn.egil.nordland@masfjorden.kommune.no](mailto:bjorn.egil.nordland@masfjorden.kommune.no)



**Kristeleg folkeparti:**  
 Jon Hope  
 5984 HAUGSVÆR  
 Mobil 971 18 194

[jon.hope@nettstar.as](mailto:jon.hope@nettstar.as)



**Kristeleg folkeparti:**  
 Siri Tangedal Kratzmeier  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 466 64 336

[siri@ingenuity.no](mailto:siri@ingenuity.no)



**Senterpartiet:**  
 Geir Egil Haugsvær  
 5983 HAUGSVÆR  
 Mobil 413 29 183

[gehaugsver@gmail.com](mailto:gehaugsver@gmail.com)



**Senterpartiet:**  
 Wenche Daa  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 957 65 375

[wenedae@yahoo.no](mailto:wenedae@yahoo.no)



**Venstre:**  
 Egil Kvingedal  
 5981 MASFJORNDEN  
 Mobil 951 20 245

[egil.kvingedal@masfjorden.kommune.no](mailto:egil.kvingedal@masfjorden.kommune.no)



**Framstegspartiet:**  
 Janne-Judith Kvamsdal Sandnes  
 5986 HOSTELAND  
 Mobil 957 22 508

[janne-ju@online.no](mailto:janne-ju@online.no)



Ordførar Karstein Totland



Rådmann Svein Helge Hofslundsengen

Årsmelding og rekneskap for Masfjorden kommune 2015 vert med dette lagt fram til politisk handsaming. Årsmeldinga ser ein på som ein viktig del av den informasjon kommunen skal gje til innbyggjarane og vonar årsmeldinga gjev nyttig og heilskapleg informasjon om kommunen vår.

Driftsrekneskapen for Masfjorden kommune 2015 kom ut med eit rekneskapsmessig overskot på nær 3 mill.kr., og eit positivt netto driftsresultat på litt over 2,5 mill.kr., som utgjer litt over 1,2% i av driftsinntektene, som er dårlegare enn kommunen si målsetjing – men betre enn budsjettet for 2015 la opp til. Målet er å nå tilrådd nasjonalt nivå netto driftsresultat på 1,75%. I rekneskapen for 2015 er det bokført reperasjon av fiberkabel med netto 1,2 mill.kr. som ekstra ordinær utgift, som ein forventar å selje og dekke inn komande år. Utan denne ekstra ordinære kostnaden hadde ein oppnådd 1,8% i netto driftsresultat for 2015. Kommunesektoren samla sett hadde gode resultat i 2015. Masfjorden nådde ikkje opp til gjennomsnittresultatet og merka nedgang i kraftprisen som gjer seg utslag i dei fleste kraftrelaterte inntektene, men desse utslaga vert enno større komande år. Målet i 2015 var elles å få samsvar mellom sum driftsutgifter vs driftsinntektene, og rette opp i skeivheitene frå 2014 rekneskapen, noko som vart oppnådd når ein held utanfor ekstra ordinær utgift fiberreparasjon.

Kommunereforma har utfordra alle kommunane i landet på å vurdere sin eigen situasjon opp mot framtidsbildet når det gjeld demografi, evne til å løyse oppgåver, økonomi, m.m. Reforma forventar prosessar saman med ein eller fleire nabokommunar. Mykje tid har gått med til sonderinga på dette området i 2015. Nokre tema treng meir merksemd enn andre i denne dialogen, som råderett over kraftressursar. Masfjorden kommune er innstilt på å bruke god tid på dette arbeidet, og at innbyggjarane skal få høve til å bli deltakarar i prosessen – m.a. gjennomført 3 folkemøter om tema i 2015.

Masfjordsambandet og folketalsauke er dei to viktigaste måla politikarane har sett ned gjennom kommuneplanen, og det vert jobba kontinuerleg og godt for å nå desse måla. Nye og viktig milepælar i høve realisering Masfjordsambandet kom gjennom vedtak i fylkestinget i 2015. Ein har hatt ei positiv folketalsutvikling, og det er viktig med tilrettelegging av nye bustadfelt for at folketalsauken kan halde fram, noko som er både utfordrande og krevjande. Ein har og i 2015 halde fram med stor aktivitet på planområdet. Det å vere ein god kommune å bu i krev både god infrastruktur, bustader, gode tenestetilbod, arbeidsplassar og fritidstilbod.

Drifta i 2015 har gått bra, og kommunen har eit godt tenestetilbod til innbyggjarane/brukarane. Mykje og stor innsats vert lagt ned kvar einaste dag i Masfjorden kommune. Det er den jamne innsatsen frå den einskilde tilsette som driv kommunen framover og som er ein sentral faktor for at innbyggjarane i Masfjorden skal kunne trivast og ha det godt. Det er de som møter innbyggjarane/brukarane og sikrar at me kan gje dei det tilbodet dei treng.

Karstein Totland  
ordførar

Svein Helge Hofslundsengen  
rådmann



## Investeringar i 2015

Masfjorden kommune sitt investeringsrekneskap for 2015 har finansieringsbehov på kr 9 294 403. I denne summen er det investeringar i anleggsmidlar på kr 9 862 095 og finansieringsstransaksjonar på kr 7 529 591. Det er ført inntekter i investeringsrekneskapen på kr 8 097 282.

Vedteke budsjett for 2015 hadde ei investeringsramme på anlegg på kr 5 900 000. I opphavelig investeringsbudsjett var utbetring av ventilasjonsanlegg på Sandnes skule det einaste prosjektet som var planlagt. Etter endringar i prosjektet og innhenting av nytt anbud var kostnadane til prosjektet stipulert til kr 2 900 000, og resterande investeringsmidlar fordelt til andre prosjekt.

Investeringar i anleggsmidlar er slik spesifisert i rekneskapen for 2015:

Investeringsprosjekt	Rekneskap 2015	Revidert budsjett 2015	Opphavelig budsjett 2015
Mobilutbygging	1 086 750	1 100 000	
Barnehage Nordbygda - ombygging skulen	187 484	110 000	
Skule Matre - ventilasjon	3 598		
Skule Sandnes - ventilasjon	3 136 923	2 900 000	5 900 000
Bustad eldre og funksjonshemma Hosteland	123 284	110 000	
Kommunale bygg	399 948	400 000	
Bustadfelt tilrettelegging	60 000		
Kommunale vegar	562 500	400 000	
Vassforsyning	29 150	50 000	
Matre Vassverk – vatn til Gulen	673 871		
Matre idrettsbane	3 598 587	830 000	
Sum investering i anleggsmidlar	9 862 095	5 900 000	5 900 000

Mobilutbygging gjeld anleggsbidrag til Telenor for utbygging av mobilnett.

Nordbygda barnehage har tatt i bruk lokale på Nordbygda skule, og har fått tilpassa lokaler til sitt bruk.

Ventilasjonsanlegget på Sandnes er utbeta. Opphavelig hadde prosjektet ei kostnadsramme på 5,9 mill. kr. Etter justeringar i av prosjektet ble kostnaden sett til 2,9 mill. kr.

Det er starta forprosjekt på bustad for eldre og funksjonshemma på Hosteland. Kostnadane her gjeld arkitektarbeid.

På kommunale bygg i 2015 er det utbeta tak på Matre skule. Kommunal bustad på Stien er og bygd om for tilrettelegging for busetting av flykningar. Kostnaden ved ombygging av bustaden er dekt med overføring frå driftsrekneskapen, og det er nytta midlar frå tilskot til flykningar.

På kommunale vegar er det gjennomført prosjektering på utbetring av Kjetland bru. I tillegg er det tilbakebetalt forskottering av kommunal veg til Stordalen Fjellstove.

På vatn er det gjennomført nødvendig utbetring på anlegg. Desse utgiftene er ført på sjølvkostområda, og skal i utgangspunktet dekast inn gjennom kommunale avgifter.

Det er og ført kostnader på prosjektet «Vatn til Gulen». Kostnader her skal etter avtale fakturerast til Gulen.

Matre idrettsbane er oppgradert i 2015. Prosjektet er i samarbeid med IL Bjørn West, Masfjord Fotball og Masfjorden kommune. Prosjektet skal delfinansierast med overføringar frå partane og tippemidlar.

### Finanstransaksjonar 2015


	Rekneskap 2015	Revidert budsjett 2015	Opphavelig budsjett 2015
Avdragsutgifter	538 103		
Utlån	1 400 000	2 500 000	500 000
Kjøp av aksjar og andelar	439 140	440 000	250 000
Dekning av tidlegare udekka	1 472 348		
Avsetjingsfond	180 000		
Avsetjingar til bundne investeringsfond	3 500 000		
Sum finanstransaksjonar	7 529 591	2 940 000	750 000

Avdragsutgifter er kommunen sine avdrag til Husbanken på lån til vidareutlån (Startlån).

Utlån gjeld vidareutlån av innlån frå Husbanken.

Dekking av tidlegare års udekka investeringar er kr 1 472 348. Ved disponering av mindreforbruk i 2013 var det sett av kr 939 475,73 til dekking av ikkje finansierte investeringar. I tillegg er ikkje nytta lånemidlar av innlån i 2015 nytta til ikkje finansierte investeringar frå tidlegare år.

Kjøp av aksjar og andelar er eigenkapitalstilskot til KLP. Avsetjing til fond gjeld sal av tomt.



Utvikling investering i anlegg og finansutgifter 1991 – 2015



## Finansiering av investeringsrekneskapen

	Rekneskap 2015	Revidert budsjett 2015	Opphavelg budsjett 2015
Bruk av lån	5 930 103	6 500 000	4 500 000
Sal av aksjar og andelar			
Mottekne avdrag på utlån	987 510		
Overføring frå driftsrekneskapen	38 175		
Bruk av tidl. års udisponert			
Bruk av disposisjonsfond	1 839 476	900 000	900 000
Bruk av bundne driftsfond			
Bruk av ubundne investeringsfond	499 140	440 000	250 000
Bruk av bundne investeringsfond			
<b>Sum finansiering</b>	<b>9 294 403</b>	<b>7 840 000</b>	<b>5 650 000</b>

Bruk av eksterne lån til finansiering av investeringsrekneskapen er kr 5 930 103. Eksterne lån er slik fordelt i finansieringa

Kommunale anlegg generelle	kr 4 500 953
Kommunale anlegg VAR	kr 29 150
Finansiering Startlån	kr 1 400 000


Motteke avdrag på utlån gjeld avdrag på Startlån. Det er i investeringsrekneskapen brukt disposisjonsfond på følgjande investeringsprosjekt:

Sandnes skule – ventilasjon	kr 900 000
Tidlegare års udekka	kr 939 476

Bruk av ubundne investeringsfond gjeld egenkapitaltilskot til KLP.

### Udekka i investeringsrekneskapen

Når investeringar ikkje har tilstrekkeleg finansiering eller finansiering kjem i etterkant, vert desse ført på post for udekka i investeringsrekneskapen.




Prosjekt	Udekka investeringar 1.1.2015	Dekka 2015	Udekka investeringar 31.12.2015
Utleigebustad Sandnes	819 881	189 697	630 183
Matre symjebasseng	384 669		384 669
Idrettsanlegg	168 597		168 597
Andre eksterne lån	734 199	449 406	284 792
Kalking av vassdrag	292 273		293 273
IKT 2013	118 197	118 197	
Sandnes barnehage vognskur	10 239	10 239	10 239,20
Matre skule utbetring	7 350	7 350	
Masfjorden sjukeheim	36 472	36 472	
Brann 2013	432 530	432 530	
Sleire skulemuseum	9 654	9 654	
Ballbinge Andvik	218 800	218 800	
	<b>3 232 863</b>	<b>1 472 348</b>	<b>1 760 515</b>

## Driftsrekneskapen 2015

### Økonomisk analyse


Tal i 1 000 kr	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015
Skatt	65 660	63 681	69 965	73 304	75 101	79 058
Rammetilskot	38 473	50 624	55 657	56 911	61 402	62 036
Andre driftsinntekter	53 794	52 397	50 810	54 086	57 040	67 179
Sum driftsinntekter	157 927	166 702	176 432	184 301	193 543	208 273
- Driftsutgifter	153 193	163 678	172 989	183 044	196 081	209 363
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>4 734</b>	<b>3 024</b>	<b>3 443</b>	<b>1 257</b>	<b>-2 538</b>	<b>-1 090</b>
+ Renteinntekter	3 217	2 577	3 377	4 839	3 573	2 235
- Renteutgifter	1 788	3 361	1 997	1 796	1 636	1 398
- Netto avdrag	3 744	3 882	3 461	4 731	5 020	5 094
+ Motpost avskrivning	7 560	7 167	7 799	7 904	7 664	7 908
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>9 979</b>	<b>5 525</b>	<b>9 161</b>	<b>7 473</b>	<b>2 043</b>	<b>2 561</b>
Overført til investering	4 662	3 089	1 781	1 559		38
Bruk av akk. overskot	1 910	2 934	998	5 984	5 144	1 280
Bruk av fond mm	2 170	2 163	3 397	3 312	3 520	5 627
Avsetjingar til fond	6 464	6 535	5 792	10 066	9 427	6 439
<b>Rekneskapsresultat</b>	<b>2 933</b>	<b>998</b>	<b>5 983</b>	<b>5 144</b>	<b>1 280</b>	<b>2 991</b>
Netto driftsres./driftsinntekt	6,32 %	3,31 %	5,19 %	4,05 %	1,06 %	1,23 %
Auke driftsinntekter	2,72 %	5,56 %	5,84 %	4,46 %	5,01 %	7,61 %
Auke driftsutgifter	6,89 %	6,84 %	5,69 %	5,81 %	7,12 %	6,77 %



Driftsrekneskapen viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 2,9910 mill. kr for 2015.

**Netto driftsresultat** utgjer kr 2 561, som utgjer 1,23 % av sum driftsinntekter. Det er anbefalt at netto driftsresultat i forhold til driftsinntekta bør vera om lag 1,7 % for å leggje seg opp reservar til dårlegare tider.

**Driftsutgiftene** aukar med 6,77% i høve til førre år. Av dette aukar løn og sosiale sosiale utgifter med 6,53%, og andre driftsutgifter med 7,31%. Driftsinntektene aukar i same periode med 7,61%.



**Brutto og netto driftsresultat** i perioden 2007–2015 vist ei negativ utvikling. I 2015 er det eit negativt brutto driftsresultat, men korrigert for netto finanspostar kjem Masfjorden ut med eit rekneskapsmessig mindreforbruk. Dette er ei utvikling som ikkje er ønskeleg i åra framover, og driftsnivået i kommunen må vurderast med tanke på å redusere kostnader, eventuelt auke inntekter.

## Driftsrekneskapen 2015 Kommentrar til rekneskapskjema 1A

### Frie disponible inntekter

Frie disponible inntekter er skatteinntekter, rammetilskot, eigedomsskatt, andre direkte og indirekte skattar og andre generelle statstilskot. I 2015 utgjorde frie disponible inntekter 146 mill. kr, som er ein auke på 4,3 % frå 2014.

Skatteinntektene var opprinneleg budsjettert med 50,3 mill. kr, men ble etter oppdaterte tal justert opp til 51,4 mill kr. I grunnlag for skatteanslaget for 2015 ligg både skatt på inntekt og formue samt naturressursskatt. I rekneskapen for 2015 er skatt på inntekt og formue 40,8 mill. kr, og naturressursskatt 11,1 mill kr. Totalt utgjer skatt på inntekt og formue og naturressursskatt 52 mill kr.

Rammetilskotet var opprinneleg budsjettert med 63,3 mill. kr, men redusert til 62,2 mill. kr. Samla inntekt på skatt og rammetilskot var budsjettert med 113,5 mill. kr, og rekneskapstala viser ei inntekt på 114,0 mill. kr.

Eigedomsskatt er om lag på same nivå som i 2014. Andre direkte og indirekte skattar gjeld konsesjonsavgift og som tidlegare nemnt naturressursskatt. Konsesjonsavgift er på same nivå som 2014, og om lag 0,5 mill. kr over budsjett.

Andre generelle statstilskot gjeld rentekompensasjon for skular,



omsorgsbustadar og kyrkjebygg, bustadtilskot og integreringstilskot for flykningar. Integreringstilskotet utgjer 2,36 mill kr.

#### Finansinntekter og –utgifter

Rentenivået i marknaden er lågt, og renteinntekter og utbytte lågare enn sist år. Utbytte frå BKK er om lag kr 400 000 lågare enn 2015. Ikkje realisert gevinst på finansielle plasseringar er 1,150 mill. kr. Eit fond har og gått med tap i 2015, og er rekneskapsført med kr 12 815. Med bakgrunn i usikkerhet knytt til desse plasseringane er desse ikkje budsjettert.

Med bakgrunn i finansreglement har Masfjorden kommune ikkje teke opp meir lån til investeringar enn det som vi betaler i avdrag i året. Lån til investeringar vart ikkje utbetalt før på slutten av året. Renteutgiftane er lågare enn i 2014, og ligg om lag 0,4 mill. kr under budsjettert. Med bakgrunn i berekning av minimumsavdrag på innlån, sjå note 7, kunne vi betalt avdrag med 2,685 mill. kr. Her kunne vi betra rekneskapsresultatet med nokre millionar, men da har dette blitt ei utgift som vi hadde fått i seinare år.

#### Avsetjingar og bruk av fond

Avsetjing til bundne fond gjeld disponering av rekneskapsresultat i 2014, samt avsetjingar til kapitalfondet. Det er og sett av 1 mill. kr til bru over Masfjorden. Avsetjing til bundne fond gjeld ikkje nytta statstilskot til heimebuande demente, avlaufspond samt opplæringsmidlar på legekantoret.

Bruk av ubundne avsetjningar gjeld overføring til driftsrekneskapskapen frå kraftfondet og tilskot til førarkort for ungdom i Masfjorden kommune. Det er og sett av 1 mill. kr. til ferjefri kryssing av Masfjorden. Bruk av bundne avsetjningar gjeld innteksføring av øremerka midlar vi har motteke tidlegare år, der utgifta er ført i 2015.

#### Fordelt til drift

Rekneskapskapen for 2015 viser kr 141 996 519 til fordeling til drift. Med ei utgift i driftsrekneskapskapen på kr 138 975 802, vert dette eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2 990 717.

## Kommentarar til rekneskapskjema 1B

Fordelt til:	Rekneskap 2015	Justert budsjett 2015	Opph. budsjett 2015	Rekneskap 2014
A Folkevalde organ	2 352 397	2 301 500	2 281 500	2 184 202
B Administrasjon	16 420 329	13 757 300	13 532 300	16 420 329
C Barnehagar	14 820 260	14 909 900	14 909 900	14 820 260
D Skular	38 511 948	37 902 000	37 902 000	38 511 948
E Helse	12 077 769	11 248 600	11 248 600	12 077 769
F Sosial og barnevern	5 518 076	6 667 100	6 372 100	5 518 076
G Pleie og omsorg	42 178 467	43 600 100	42 790 100	42 178 467
H Kultur	5 914 323	6 246 500	6 246 500	5 914 323
I Kyrkja	3 452 505	3 480 000	3 480 000	3 452 505
J Teknisk	8 945 671	7 089 200	7 089 200	8 945 671
K Andre tenesteområde	-14 301 834	-9 469 200	-8 469 200	-14 301 834
	135 721 716	137 445 000	137 115 000	135 721 716

**Folkevalte organ:** Budsjettmessig meirforbruk på kr 50 897. **Administrasjon:** Budsjettmessig meirforbruk på kr 379 324. Omorganisering og sjukefråvær utan å tilsette sjukevikar har ført til reduserte kostnader på området frå 2014. **Barnehage:** Budsjettmessig mindreforbruk på kr 445 277. **Skule:** Rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1 127 042. Mindre avvik på skulane. Etter omlegging av reinhald i 2015, til reinhaldsområde Sør, Nord og Indre, er nok budsjettet sett for lågt for skulebygg. Totalt går tenestene for lokale til skulane med eit meirforbruk på om lag kr 700 000. Utgifter til vaksenopplæring som gjeld både innvandrarar og flykningar har eit meirforbruk på kr 148 000. Skuleskyss har eit meirforbruk på kr 400 000. **Helse:** Rekneskapsmessig meirforbruk på kr 255 922. På rammeområdet er det ført avrekning 2014 for kommunal medfinansiering, samhandlingsreforma, kr 125 799. Det er og overført kr 281 419 til Lindås kommune for øyeblik-

kelighjelp plassar. Dette gjeld pengar som Masfjorden kommune har fått overført frå Helsedirektoratet, og som er inntektsført på andre generelle statstilskot. **Sosial og barnevern:** Budsjettmessig mindreforbruk på kr 382 717. Økonomisk sosialhjelp har eit meirforbruk på kr 97 057. Masfjorden kommune har og betalt ut kr 800 000 i bustadtilskot. Dette er midlar som kjem frå Husbanken, og er inntektsført på andre generelle statstilskot. Støttekontakt har eit mindreforbruk på kr 434 269, og skuldast i stor grad at brukarar har fått tilbod i bu- og avlastingstenesta. **Pleie og omsorg:** Budsjettmessig mindreforbruk på kr 1 367 889. Mindreforbruk på mange av tenestene. Tilskot til ressurskrevjande brukarar vert høgare enn budsjettert, og er inntektsført på Nystova og på bu- og avlastingstenesta. **Kultur:** Budsjettmessig meirforbruk på kr 117 907. **Kyrkja:** Budsjettmessig meirforbruk på kr 266 124. Overforbruk på rammeområdet gjeld kompensasjon for renter og avdrag som vert betalt av Masfjorden Kyrkjelege Fellesting.

**Teknisk:** Budsjettmessig meirforbruk på kr 2 024 127. På kommunale utleigebygg er det utført vedlikehald og i med lågare husleigeinntekter går desse med eit budsjettmessig meirforbruk på kr 930 512. Mange plansaker har ført til eit meirforbruk på kr 861 799. Av planar som er arbeid med i 2015 er reguleringsplan Giljane bustadfelt, Haugsværdalen, skredkartlegging Andvik, skredsikring Ådnekvam, områdeplan Hosteland sentrumsområde og områdeplan FV570 Einestrånd – Nordre Kvingo. **Brannvesen** har eit meirforbruk på kr 496 162. **Andre tenesteområde :** Budsjettmessig meirforbruk på kr 2 322 140. Masfjorden kommune har etter oppgåve frå pensjonsleverandør budsjettert med 2,9 mill. kr i negativt premieavvik. I løpet av 2015 har prognosane endra seg, og ved utgangen av året var dette endra til eit positivt premieavvik på kr 34 229. Amortisering av tidlegare års premieavvik er kr 785 423 over budsjettert sum. Amortisering av tidlegare års premieavvik vert dekke av avsette midlar på fond. Bruk av premieavvik i 2015 var 3,4 mill kr. Beløpet er inntektsført på dette rammeområdet, men tilsvarande sum er kostnadsført på dei andre rammeområda.


Koordinering flykningar har på dette rammeområdet ein kostnad på kr 849 537. Dette er kostnadar som vert dekke av integreringstilskot ført på andre generelle statstilskot. På teneste for næringsutvikling er det ført kostnader i samband med reperasjon av fiberkabel, kr 1 165 997.

## Balansen

Balansen gjev eit oversyn over eigendelar, gjeld og eigenkapital

Tal i heile 1000	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Anleggsmidlar	244 470	254 211	271 083	288 694	317 577	345 638	357 044	376 750	390 219	415 669	<b>430 323</b>
Omløpsmidlar	42 009	49 572	57 785	58 573	65 925	63 235	70 326	67 512	77 196	77 085	<b>83 841</b>
<b>Sum eigendelar</b>	<b>286 479</b>	<b>303 783</b>	<b>328 868</b>	<b>347 267</b>	<b>383 502</b>	<b>408 873</b>	<b>427 370</b>	<b>444 262</b>	<b>467 415</b>	492 754	<b>514 164</b>
Kortsiktig gjeld	18 144	21 620	17 914	17 076	20 569	21 705	29 284	24 804	27 843	28 232	<b>29 081</b>
Langsiktig gjeld	170 818	177 787	190 922	200 124	217 251	231 532	266 540	281 107	300 559	320 073	<b>332 138</b>
Eigenkapital	97 517	104 376	120 032	130 067	145 682	155 636	131 546	138 351	139 012	144 448	<b>152 945</b>
<b>Sum gjeld og EK</b>	<b>286 479</b>	<b>303 783</b>	<b>328 868</b>	<b>347 267</b>	<b>383 502</b>	<b>408 873</b>	<b>427 370</b>	<b>444 262</b>	<b>467 414</b>	492 753	<b>514 164</b>

Utviklinga av omløpsmidlar og anleggsmidlar frå 1991 til i dag (tal i heile tusen).



### Anleggsmidlar

Endring i anleggsmidlar kjem i stor grad av endringar i pensjonsmidlar i Kommunal Landspensjonskasse og Statens pensjonskasse. Pensjonsmidlane aukar med 15,9 mill. kr i 2015.

Netto endring på aktivering og avskrivning av anlegg, utstyr og maskiner i 2015 er kr - 1 916 232. Netto endring på utlån er kr 226 087 og gjeld utlån og avdrag på startlån og lån frå kraftfondet. Aksjar og eigendelar aukar med kr 439 140 og er eigenkapitaltilskot til KLP.

### Omløpsmidlar

Sum av omløpsmidlar er auka med 6,755 mill kr. Kortsiktige fordringar mot andre er auka med 4,399 mill. kr. Akkumulert premieavvik er redusert med 1,540 mill. kr, aksjar og obligasjonar er auka med 1,138 mill. kr. Kasse og bankinnskot er i 2015 auka med 2,759 mill. kr.



## Eigenkapital og gjeld

Eigenkapitalen utgjør pr. 31.12.2015 i underkant av 30 % av sum eigenkapital og gjeld. Langsiktig gjeld utgjør 65,0 % sum eigenkapital og gjeld og kortsiktig gjeld utgjør 5,7 % av sum eigenkapital og gjeld. Dette er tilnærma uendra frå 31.12.2014.

Fondsmidlar aukar i 2015 med 2,154 mill kr. og utgjør 52,188 mill kr.

### Lånegjeld




Lånegjelda er i 2015 auka med 0,73 mill. kr.

I langsiktig gjeld ligg og pensjonsforplikting som har auka med 11,382 mill. kr i 2015.

Samla har Masfjorden kommune ei langsiktig gjeldsforplikting på 332 mill kr.

### Arbeidskapital

Endring i arbeidskapital viser at kommunen har auka sin økonomiske handlefridom med 5,9 mill. kr i 2015. Omløpsmidlar er auka med 6,755 mill kr og kortsiktig gjeld er auka med kr 848 391.



# Kostra

KOSTRA (KOMMUNE-STAT-RAPPORTERING) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunalt virke. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og samanstillt for å gje relevant informasjon til avgjerdstakarar både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gje betre grunnlag for analyse, planlegging og styring. KOSTRA-tal er innrapporterte rekneskapstal pr. 15. februar 2016 for 2014, og sluttrekneskapen for 2015 viser ein del betre resultat enn innrapportert pr. midten av februar. Endelege tal blir rapportert 15. april 2016.

Finansielle nøkkeltall	Masfjorden 2015	Lindås 2015	Gulen 2015	Gjennomsnitt kommunegruppe *06 2015	Gjennomsnitt Hordaland 2015	Gjennomsnitt alle kommunar utan Oslo 2015
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,5	3,5	1,4	1,1	2,5	2,3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,2	2,9	2,1	4,0	2,9	2,7
Frie inntekter i kroner per innbygger	67 035	48 777	65 020	70 316	49 057	49 762
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	159,7	201,1	181,1	217,5	202,2	212,2
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	20,9	23,9	29,2	28,7	10,6	17,7
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	36 576	56 697	35 835	72 122	51 488	54 218
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	152 289	116 561	145 077	134 199	134 648	130 734
Netto driftsutgifter til grunnskoleopplæring, per innbygger 6-15 år	191 566	109 023	151 732	161 334	103 285	102 960
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	5 687	2 517	3 740	5 222	2 220	2 382
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	26 380	17 883	28 256	27 710	15 932	16 224
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	-286	2 528	1 511	3 132	3 377	3 220
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barneverntjenesten	7 504	8 875	4 340	12 969	8 213	8 323
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	10 878	4 081	8 282	11 220	3 798	4 197
Andel barn 1-5 år med barnehageplass, prosent	92,8	86,7	94,2	89,2	91,1	91,1
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning, prosent	9,5	12,4	5,9	10,4	7,6	7,9
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner, prosent	100	94,5	100	96,3	93,4	94,8
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon, pros.	20	13,5	13,5	16,9	14,4	13,1
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år, prosent	2,3	3,6	1,1	5,2	3,5	3,9
Andel barn med barneverntiltak ift. innb. 0-17 år, prosent	4,8	3,3	9,9		4,2	4,8
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	36	13	30	36	19	21
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	177 789	179 310	182 245	179 027	190 839	176 965
Korrigerte brutto driftsutg. til grunnskole, per elev	213 044	118 820	154 193	163 740	109 213	106 726
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.til 10.årstrinn, pers.	7,5	13,2	8,6	8,8	14,9	14,1
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetenester (i kroner)	137 317	342 117	397 321	222 044	246 671	237 179
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 188 412	1 165 681	1 029 406	1 067 640	1 021 491	1 024 333
Årsgebyr for vannforsyning (gjelder rapporteringsåret+1)	4 850	2 833	3 916	4 021	3 823	3 324
Årsgebyr for avløpstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	3 000	3 623	3 950	3 843	3 422	3 743
Årsgebyr for avfallstjenesten (gjelder rapporteringsåret+1)	2 976	2 976	2 976	2 886	2 262	2 551
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar, kyrkja	2 249	907	1 282	1 316	604	588

**Kostragruppe 06: Små kommunar med høge bundne kostnader per innbyggjar, høge frie disponible inntekter**

Meir info om Masfjorden kommune/kommunesektoren elles finn ein under [www.kostra.no](http://www.kostra.no)



## Kraftinntekter

Masfjorden kommune hadde nær 37,1 mill.kr. i kraftrelaterte inntekter, som utgjør om lag 17,8% av kommunen sine samlede driftsinntekter. Ein har tidlegare år vore oppe i at om lag 25% av dei samlede inntektene var knytt til kraftproduksjonen i kommunen.

Konsesjonsavgifter		2 848 306
Naturressursskatt	11 133 529	
Trekk inntektutjamning	-4 707 000	6 426 529
Konsesjonskraft		5 001 072
Eigedomsskattkraftverk:		22 395 037
Utbytte		414 630
Sum kraftinntekter		37 085 574

Vertskommunen sine viktigaste lovheimla kraftordningar består av;

- Konsesjonsavgift – industrikonsesjonslova § 2 nr. 13 og vassdragsreguleringslova § 11 nr. 1
- Konsesjonskraft – industrikonsesjonslova § 2 nr. 12 og vassdragsreguleringslova § 12 nr. 15
- Eigedomsskatt – eigedomsskattelova av 6.juni 1975 nr. 29
- Naturressursskatt – skattelova § 18-2

### Konsesjonsavgift

Ved kraftutbygging vert regulator pålagt å innbetale ei avgift (konsesjonsavgift) til kommunen som Kongen bestemmer. Regulator kan og verte pålagt å opprette eit fond i dei einssilde kommunane. Fondet og dei årlege konsesjonsavgiftene utgjør det som ein kallar for Kraftfondet. Kraftfondet har ein fondskapital på 1. million kroner innbetalt av Bergenshalvøens kommunale kraftselskap (BKK) i medhald av punkt 12 i konsesjonsvilkåra for regulering og overføring i Matrevassdraget, oppretta ved kongeleg resolusjon av 11. desember 1964 og i medhald til punkt 2 i konsesjonsvilkåra for ytterlegare reguleringar og overføringar i Matre og Haugsdalsvassdraga i samband med bygging av Haugsdal kraftanlegg (Vemundsbotten kraftstasjon), gjeve med kongeleg resolusjon av 8. februar 1980. Fondet vert årleg tilført avgift, som i 2015 utgjorde omlag 2,8 mill.kr.

Det er eige budsjett og eige styre for handsaming av søknader knytt til disponering av fondsmidlane.

### Konsesjonskraft

Etter gjeldende lovbestemmelser skal inntil 10 % av henholdsvis gjennomsnittlig kraftmengde (ved ervervs-konsesjoner) eller kraftøkning (ved regulerings-konsesjoner) avstås til de kommuner, eller fylkeskommuner, hvor kraftanleggene ligger.

*“Avståelse og fordeling av konsesjonskraft avgjøres av vedkommende departement med grunnlag i kommunens behov til den alminnelige elektrisitetsforsyning.”*

Det er forskjellige reglar for fastsetjing av prisen på konsesjonskraft avhengig av om konsesjonane er gitt før eller etter 10. april 1959. Prisregime før og etter 1959 med bakgrunn i lovending, som inneber at pris før 10.april 1959 – fastset partane sjølve prisen, basert på ei sjølvkostberekning ved det aktuelle kraftverk-

et, og følger m.a. av rettleiar KTV – notat nr. 53/2001, NVE – for konsesjonar gitt før 10.4.1959.


Kraftverk	Mengde i MWh	Prisregime
Matre H	30416	Sjølvkost
Matre M	28 650	OED
Stordal	2 455	OED
Vemundsbotn	6 302	Sjølvkost
Vestrebotn	671	OED
Kløvtveit	395	OED
	68 889	

Pris etter 10.april 1959 – vert fastset av olje- og energidepartementet (OED). OED fastset pris jf. ikl. § 2 nr. 12, 6.ledd basert på gjennomsnittlig sjølvkost for et representativt tal vasskraftverk i heile landet. OED-pris for 2015: 10,60 øre/kWh.

Masfjorden kommune har i løpet av året jobba for å få samordna prisregime og knytt desse til OED pris. Førreleis har kommunen kunne teke ut konsesjonskraft til OED pris/evt. sjølvkost som er lågare enn OED pris. Volumet som kommunen kan ta ut og disponere fritt har auka gradvis. Utbyggingar som vert utført av BKK vil medføre høgare sjølvkostgrunnlag i åra framover, som gjer at kommunen sin gevinst vert redusert.

### Alminnelig elforsyning

Den konsesjonskraftmengde som kommunen kan ta ut er begrensa til kommunens behov for elkraft til alminnelig elforsyning innen kommunen. Ved fastsetjing av eige behov tas det ikkje omsyn til verken eigen kraftproduksjon eller medeigarskap i andres utbyggingar. Dette forholdet avgrensar kommunen sin rett til uttak av konsesjonskraft, i 2015 fekk vi ut konsesjonskraft tilsvarande 38 GWh av den tildelte konsesjonskrafta på 68,9GWh. Volumet utover det kommunen tek ut, går til Hordaland fylkeskommune.



**Eigedomsskatt** er ein viktig skatt for Masfjorden kommune, og utskriven for verk og bruk. Denne inntekta utgjorde 22,4 mill.kr. i 2015. Prognosar framover tilseier ein nedgang i eigedomsskattkraftverk. Utbygging av nettanlegg i kommunen og eigedomskattegrunnlag av liner og trafo kan kanskje kompensere for deler av denne inntektsnedgangen.

**Naturressursskatten** er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjer 1,3øre/KWh, kor av 1,1 øre går til kommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen

Naturressursskatten vert utjamna i kommunen sitt inntektssystem, og snitt for kommunane er at ein beheld om lag halvparten av denne skatten.

Naturressursskatten utgjer brutto kr. 11 133 529. Kommunen får eit trekk i netto inntektsutjamning med om lag 4.707.000 i 2015, og kor ein sitt att med netto kr. 6.426.529.


### Eigarskap

Masfjorden kommune er ein stor vertskommune for kraftutbygging, men er ein liten eigar. Kommunen har eigardel med 0,1% i BKK som i 2015 ga eit utbytte (over halvert i høve 2014) med kr. 414 630.

## Sentraladministrasjonen

Tal på møte i 2015:

Utval	Tal på møte	Handsama saker
Formannskapet	4	145
Kraftfondsstyret	4	19
Kommunestyret	9	143
Administrasjonsutvalet	3	16
Teknisk utval	4	15
Valstyret	4	15
Eldrerådet	2	9



Netto driftsutgifter i kr pr innb. til administrasjon og styring

### Toppleiargruppe

I løpet av 2015 fekk rådmannen på plass ei utvida toppleiargruppe rundt seg med følgjande personar: oppvekstleiar Alf Strand, rådgjevar helse, omsorg og sosial Helga Ellingsen, økonomi- og personalleiar Kristian Moen, assisterande rådmann Sveinung Toft. Det er starta opp leiaropplæring på strategisk nivå for denne gruppa.

### Leiaropplæring

I 2015 engasjerte kommunen etter konkurranse føretaket KS konsulent til å gjennomføra samlingar med leiarutvikling for alle leiarane i kommunen. Den første samlinga var 1. september i Stordalen. Den andre samlinga var 4. november på kommunehuset.

Eit viktig tiltak for å få betre digital forvaltning har vore å innføre bruk av saks- og arkivsystem til fleire tenesteområde. Vinteren 2015 starta kommunen opp arbeidet med å implementera det nye WebSak systemet til skulane og barnehagane. Når dette er på plass skal alle dokumenta til og frå skulane/barnehagane verta digitale, og dokumenta skal journalførast og arkiverast i kommunen sitt ordinære elektroniske sak/arkivsystem.

Den 11. og 12. august, samt 18 november 2015 var det kurs for aktuelle tilsette ved skulane og barnehagane med opplæring i systemet. Rutinane for dette området er under utarbeiding, og vil venteleg vera klare i løpet av vinteren 2016.

Kommunen si heimeside er tenkt å vere eitt av fleire kontaktpunkt mellom kommunen og innbyggjarane. Her skal ein finne aktuell, korrekt og oppdatert informasjon frå kommunen. Likeeins er heimesida ein stad der publikum skal kunne melde inn saker, til dømes via elektroniske skjema som vert gjort tilgjengelege via heimesida. I 2015 har kommunen utvikla den kommunale heimesida vidare etter at ein fekk ny struktur på heimesida i 2013.

Arbeidet med utvikling av heimesida pågår kontinuerleg, og nye funksjonar kjem til etter kvart. Det kan vere ei utfordring å få innhenta aktuell og oppdatert informasjon frå einingane.

Kommunen sitt intranett er tenkt å vere ein informasjonskanal og ressurs for dei tilsette. Her kan tilsette finna mykje informasjon og få lett tilgang til skjema, rutineskildringar og viktige styringsdokument m.v. Tidleg i 2015 kom intranettet til kommunen på plass etter eit lengre utviklingsarbeid. Dette arbeidet er ikkje ferdigstilt. Framleis er det mange ressursar som ikkje er klargjorte for brukarane. Ein arbeider vidare med å få aktivisert denne portalen på ein måte som gjer at dei tilsette får endå større nytte av dette nettet.

### Kommunevalet 2015

Dette vart organisert av sentraladministrasjonen og med valstyret som ansvarleg politisk organ. Sekretariatet deltok på to kurssamlingar i Oslo, med opplæring i mellom anna nytt dataprogram for gjennomføring av val. Valet vart gjennomført etter regelverket og det vart ikkje meldt inn avvik i samband med dette.



## Personal

	Kvinner	Menn
Sentraladministrasjonen innkl. reinhaldsområdet	58 %	42 %
Kultur/skule	78 %	22 %
Barnehage	97 %	3 %
Pleie og omsorg	97 %	3 %
Helse	81 %	19 %
Tottalt tilsette i kommune	83 %	17 %

	Kvinner	Menn
Totalt tilsette	223	41
Tilsette som er ufaglærte	48	3
Tilsette som er fagarbeidarar	80	14
Som har høgskuleutdanning	95	24
Lærlingar	4	0
Gjennomsnittleg stillingsprosent	78,41	84,63
Gjennomsnittleg løn	Kr 411 577	Kr 515 372
Sjukefråvere	8,3 %	3,6 %

Løns- og personalavdelinga har i 2015 starta arbeidet å innføre nye modular i kommunen sitt personalsystem. Vi har innført rekrutteringsmodul, som er elektronisk søknad på stillingar i kommunen. Avdelinga har og lagt til rette for å nytte elektroniske reiserekningar for tilsette i kommunen, og dette ønsker vi å ta i bruk for alle i 2016.

### Sjukefråveret

Tala er inkludert eigenmeldingar

År	1. kvartal	2. kvartal	3. kvartal	4. kvartal
2013	6,5 %	6,2 %	4,1 %	7,1 %
2014	8,5 %	7,0 %	6,0 %	8,2 %
2015	10,7 %	9,3 %	8,2 %	10,3 %

### Krafttak for tilsette

Intensjon for Krafttak for tilsette er å

- Utvikle arbeidsmiljø ved å skape fellesaktivitet utanom arbeidstida
- Utvikle stoltheit ved å prestera i fellesskap, uforpliktande og uformell intern konkurranse mellom avdelingar
- Helseaspektet ved fysisk og sosial aktivitet
- Samle alle tilsette i fellesarrangement, byggje kultur og samarbeid.

Deltakarene får 1 poeng for kvar halvtime dei driv med fysisk aktivitet kvar dag, inntil 3 poeng. Den avdelinga som har høgast poengsum i forhold til tilsette vinn eit gåvekort som nyttast til velferdstiltak for avdelinga. I tillegg vert det delt ut gåvekort til den avdelinga som har flest deltakarar i forhold til tilsette på Bjørn West-marsjen og motbakkeløpet Sleirsfjelle opp.

Krafttak for tilsette har som indirekte mål å redusere sjukefråver-somfanget.

### 25-års jubilarar

Markering av tilsette med 25 års tilsetjingsforhold har vi no gjennomført heilt sidan 2002, då med 13 tilsette og markering om lag kvart 2.år deretter, og imponerande mange samla sett i denne perioden har fått denne merksemda. Denne gongen var 9 – samla på Stordalen fjellstove den 16.juni med fellesarrangement med tale til kvar enkelt, gåve 8.000,-, og KS heidersmerke og diplom.



Frå venstre : Karstein Totland, Turid Kløvtveit, Sissel Molland Haugsvær, Anne Marit Engesæter, Margun Sleire, Ørjan Valestrand, Hildegunn Bjånes, Ruth Tverberg, Anne Grethe S. Hope, Svein Helge Hofslundsengen, Ingebjørg Kjetland

### Julebord

Den 04.12.15 vart det arrangert felles julebord for alle tilsette på Vidsyn. Her fekk tilsette høve til å møtast på tvers av avdelingar og einingar i heile kommunen. Tilbakemeldingane på dette tiltaket har vore gode.

### Hovudtillitsvalde (HTV) i kommunen:

Fagforbund:	Tillitsvalt:
Fagforbundet	Britt Inger Myhr
Sjukepleiarforbundet	Laila M. Herbst Totland
Utdanningsforbundet	Ørjan Valestrand
NITO	Kjersti Furnes Soltvedt

### Dei kommunale arbeidsplassane er delt inn i sju verneområde, der følgjande tilsette var valt til verneombod i 2015:

Verneområde:	Verneombod:
Sandnes skule og barnehage	Kjersti Andvik
Heimetenesta Indrefjorden og Sørsida	Mariann Fløtre Andvik
Matre skule og Indre Masfjorden barnehage	Marita Vågseth
Helsetunet	Dag Haarklau
Nordbygda skule og Nordbygda barnehage:	Bjørn Egil Nordland
Sjukeheimen	Ann-Camilla Wergeland
Kommunehuset	Kjersti Furnes Soltvedt
Hovudverneombod	Rune Garmann

## Planarbeid

Kommuneplanen for Masfjorden vart vedteken i kommunestyret den 31.05.2012. Dette dokumentet og planstrategien for kommunen, som vart vedteke i 2012, er styrande for anna planarbeid som pågår i Masfjorden kommune.

Kommunedelplan for oppvekst 2014 – 2026 vart godkjent i møte den 19.02.2015. Den inneheld og ein handlingsplan for 2014-2018. (Kommunedelplan for helse, omsorg og sosial vart godkjent 11.12.14).

Interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde vart handsama som sak i formannskapet den 01.12.2015, og vart då vedteke lagt ut til offentleg ettersyn. Planen lagar føringar for fjellområda som ligg mot Stølsheimen, og som ligg over ca kote 700 moh. Det er Voss kommune som er sekretariat for denne planen.

Offentlege reguleringsplanar: Følgjande offentlege reguleringsplanar har vore under utarbeiding i regi av Masfjorden kommune. Desse er:

### 1. Områdeplan for Haugsværdalen

Planarbeidet starta opp i 2013, og planframlegget var først på høyring i både 2014 og i 2015 for 2. gang. Etter motsegn frå NVE måtte det gjerast fleire undersøkingar knytt til rasfare, og det måtte gjennomførast drøftingsmøte om rekkjefølgjekrav hjå Fylkesmannen. Planen vart godkjent i kommunestyret den 28.10.2015.

### 2. Områdeplan for fylkesveg 570 Einestrاند – Nordre Kvinge

Planen omfattar ei vegstrekning på ca 6.1. km og handlar om utbetring av vegen, samt sikre naudsynt kantareal for fotgjengarar. Planarbeidet starta opp i slutten av 2013, og formannskapet gjorde vedtak om å leggja reguleringsplanen ut til offentleg ettersyn i møte den 20.10.2014. Våren 2015 vart merknadane vurdert og kommunestyret godkjente reguleringsplanen i møte den 18.06.2015.

### 3. Områdeplan for sentrumsområdet på Hosteland

Denne planen vart kunngjort starta opp i brev av 14.01.2014, og seinare vart planføretaket ABO Plan & Arkitektur engasjert til å gjera planarbeidet. Bakgrunnen for planarbeidet er den vedtekte planstrategien som vart handsama i kommunestyret den 30.10.2012, der sentrumsområdet på Hosteland vart prioritert. Føremålet med planen er å utvikla området vidare som eit sentrumsområde med offentlege og private tenestetilbod, handel og kontor med vidare. I møte den 13.01.2015 vedtok formannskapet å leggja planen ut til offentleg ettersyn. Våren 2015 vart alle merknadane vurdert og kommunestyret godkjente reguleringsplanen i møte den 18.06.2015.

### 4. Områdeplan for Masfjordbrua.

Det vart gjort vedtak i formannskapet den 09.09.2014 om å starta opp planarbeid for dette viktige tiltaket med å få til Masfjordsambandet. Den 17.10.2014 vart planarbeidet kunngjort starta opp. Formannskapet godkjente planprogrammet i møte den 02.02.2015, og gjorde samstundes vedtak om å utvida planområdet noko. Utvidinga vart sendt på høyring med frist 2. mai 2015 for innspel. På grunn av behov for politiske og administrative


avklaringar med regionale etatar om bruprosjektet, er det enno ikkje engasjert planføretak til å gjennomføra sjølv planprosjektet

### 5. Reguleringsplan for utviding av Giljane bustadfelt

Denne planen vart starta opp etter vedtak i kommunestyret den 30.04.2015, og framlegg til reguleringsplan som inkluderer 5 bustadtomter vart sendt på høyring den 11. desember 2015, med frist 23. januar 2016 for merknader.

### Private arealplanar

I 2014 vart det handsama ein privat reguleringsplan med namn Risnes tomteområde. Planen inneheld ca 40 hyttetomter og 8-10 bustadtomter. Planen vart sendt ut til offentleg ettersyn den 18.02.2015. Det kom mange protestar på planinnhaldet, samt motsegn frå Fylkesmannen, noko som har gjort at den private utbyggjaren har sett det naudsynt å bearbeida planen meir før den kjem tilbake til vidare handsaming i kommunen.



### Andre planar

Kriseplan for Masfjorden kommune vart revidert og godkjent i kommunestyret den 29.10.2015. I same møtet vart også overordna Risiko- og sårbarheitsanalyse for Masfjorden kommune (kommunal ROS) også godkjent. Dette overordna dokumentet dannar grunnlaget for arbeidet med beredskap og anna samfunnsplanlegging, samt ulike tiltak som skal redusera risikoen og auka tryggleiken i lokalsamfunnet.

### Plan for strategisk kompetansestyring for Masfjorden kommune

**2015 – 2018** med handlingsplan vart godkjent i kommunestyret den 30. april 2015, sak 027/15. Planen skal sikra at kompetansehevinga vert tilpassa kommunen sine reelle behov, og at ein har fokus på å sikra at medarbeidarane har rett kompetanse for å sikre høg kvalitet i kommunen sin tenesteproduksjon.



## IKT

IKT er blitt eit stadig viktigare hjelpemiddel i arbeidet med kommunale oppgåver, både innan tenesteyting og forvaltning. Digitalisering av forvaltningsarbeidet kan forenkla mange prosessar ved at same informasjonen vert nytta fleire stader. Det kan også gjere det enklare for innbyggjarane å kontakte kommunen for å få tilgjenge til tenester, eller få utført forvaltningsmessige oppgåver. Samstundes stiller dette store krav til kommunen som tenesteleverandør og forvaltningsorgan. Det er svært viktig at ein har god kontroll med informasjon som vert henta inn, med korleis informasjonen vert nytta, og kva informasjon som vert gitt ut. Det er stilt strenge lovmessige krav til kommunen i høve dette.

Masfjorden kommune gjort ein god del investeringar i utstyr, og kommunen har ein standard på sitt IKT-utstyr som må karakteriserast som etter måten god. Kommunen disponerer om lag 250 PC-ar, fordelt på dei ulike avdelingane. Av desse er rundt 150 PC-ar nytta i skulesamanheng. Kommunen har teke i bruk fleire nye fagsystem, og opplæring vert gitt etter kvart som nye system vert introduserte. Dette er ein prosess som vil halde fram i tida som kjem.

Den tekniske drifta av serverar og nettverk samt oppsett av PC-ar som står i dette nettverket vert utført av IKTNH på vegne av kommunen. På same vis vert kommunen sine fagsystem vedlikehaldne av IKTNH. IKTNH har også ansvar for at informasjonen vert lagra i tråd med gjeldande lovverk. Dette gjer IKTNH for kommunane Austevoll, Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal. Kvar kommune har ein samarbeidsavtale og ein tenesteleveringsavtale med IKTNH. Desse avtalane skildrar kva ansvar og oppgåver som er tillagt IKTNH og den einskilde kommunen. Kommunen sitt ansvar er i stor grad knytt til korleis den einskilde tilsette handsamar informasjonen vedkomande forvaltar. Dette er skildra i kommunen sitt IKT-reglement, som offisielt vart innført hausten 2015.

Masfjorden kommune nyttar i hovudsak ei telefonløyising basert på IP-telefoni. Denne løysinga har vi saman med kommunane Lindås og Meland. Det er inngått avtale om abonnement og ringepengar saman med alle kommunane i IKT-samarbeidet.

### Felles IKT-strategi 2015-2018

Rullering av felles IKT-strategi for 2015-18 for kommunane i det interkommunale IKT-samarbeidet i Nordhordland vart lagt fram og vedteken av kommunestyret i møte den 18.06.15.

IKT-strategien gjer greie for dei viktigaste prioriteringane, måla og satsingsområda for åra 2015 til 2018. Sjølve strategiane er på overordna nivå og skal følgjast opp av ein meir detaljert tiltaksplan. Tiltaksplanen skal seia noko om korleis strategien skal setjast ut i livet.

Visjonane frå tidlegare strategiperiodar vert vidareførte i visjonen for denne strategiperioden. Vi skal leggja til rette for felles tenesteyting og samarbeid om ressursbruk. Erfaring frå tidlegare strategiar har synt at det er naudsynt med politisk forankring i IKT-strategien.

## Folkehelse

Masfjorden kommune er aktive når det gjeld folkehelsearbeid. Frivillige lag og organisasjonar bidreg mykje til dette arbeidet, og er svært viktige samarbeidspartar for at kommunen skal lykkast med å legge til rette for gode folkehelseiltak. Folkehelse er eit felles ansvar for heile kommunen, alle sektorane og politisk leiing. Helse blir skapt der folk lever og bur; på skule, i arbeidslivet, i familien og i nærmiljøet.

### Folkehelseoversikt

Kommunen har ansvar for å ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne.

I forskrift om oversikt over folkehelse § 3 er det eit krav at oversikta skal omfatte opplysningar og vurderingar av:

- Befolkningsamansetning: Innbyggjartal, alders- og kjønnsfordeling, sivilstatus, etnisitet, flyttemønster.
- Oppvekst – og levekårforhold: Økonomiske vilkår (andel med høg – og låg inntekt, inntektsforskjellar), bu – og arbeidsforhold (tilknytning til arbeidslivet, sjukefråvær, uføretrygd), og utdanningsforhold (andel med høgare utdanning, fråfall i vidaregåande skule)
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø: Drikkevatt – og luftkvalitet, nærmiljø, tilgang til fri- og friluftsområder, sykkelvegnett, antal støypplager, oversikt over smittsame sjukdomar, organisasjonsdeltaking, valdeltaking, kulturtilbod, sosiale møteplassar.
- Skade og ulykker
- Helserelatert åtferd: Fysisk aktivitet, ernæring, bruk av tobakk og rusmiddel, risikoåtferd som kan gi utslag i skader og ulykker
- Helsetilstand: Informasjon om førekomst av sjukdomar der førebygging er viktige som psykisk lidingar, hjerte – karsjukdomar, type 2- diabetes, kreft, kroniske smerte og belastningssjukdomar, karies.

I 2015 sette rådmannen ned ei tverrfagleg arbeidsgruppe som har utarbeidd ei samla folkehelseoversikt for Masfjorden kommune. Arbeidsgruppa har hatt regelmessige møte i løpet av 2015, der ein har utarbeida statistikk, vurdert og sett på årsaksfaktorar. Arbeidsgruppa har også arrangert eit møte med ungdomsskuleelevane i samband med ei MOT samling (20.11.15). Oversiktsdokumentet skal vere basert på fakta og fagleg kunnskap, og arbeidsgruppa har henta dette frå:

- Opplysningar som statlege helsemyndigheiter og fylkeskommunen gjer tilgjengeleg
- Kunnskap frå dei kommunale helse – og omsorgstenestene
- Kunnskap som faktorar og utviklingstrekk i miljø og lokalsamfunn som kan ha innverknad på befolkninga si helse.

Oversiktsdokument skal vere klart i 2016 og vere ein del av grunnlaget for planstrategi dei neste fire åra.

## PPT

### Mål: PPT har faste rutinar og ikkje ventelister

PPT har i 2015 hatt reduksjonar i talet på tilsette (naturleg avgang m.a), og vakante stillingar er det ikkje tilsett nye i, men det er ikkje gjort endringar i den tverrkommunale samarbeidsmodellen. Me har nytta fagkompetanse frå hovudkontoret og hatt godt og nært samarbeid med andre kommunale hjelpeinstansar, td. helsesøster og barnevern i mange av dei sakene me jobbar saman med barnehagar og skular om.

PPT har frå 2015 vore medlem også i det tverrfaglege oppvekstteamet som er danna i Masfjorden, og dette teamet tilbyr halvårlege møte med barnehagar og skular, der dei kan ta opp ulike emne til anonym diskusjon/rettleiing. Målet er å utnytte fagkompetansen som finnes i kommunen til å, i fellesskap, kunne gje

rettleiing/rådgjeving knytt til eit breidt spekter med emne. Me har mykje utekontakt med skular og barnehagar og tett samarbeid med heimane om dei ynskjer det.

Tilmeldingar for året 2015: Me fekk tolv nye saker i år, det same som året før. Det er av og til naudsynt med ventelister, når det i periodar kjem mange tilmeldingar. I skrivande stund er det ikkje saker på vent hjå oss. Alle tilmelde er i behandling.

### Oppgåver, kurs mm:

PPT har våren 2015 deltatt på to etterutdanningskurs i regi av Sevu-PPT (Statped) med emna fleirspråklegheit og fleirkulturalitet. Kvart kurs varte tre forelesningsdagar, med mellomliggende pensumlesing og oppgåveskriving til slutt (med godkjend oppgåve). PPT har også tatt kurs innan hørslehemming og språkutvikling, ny forskning kring språkutvikling hjå småbarn og småbarnsutvikling i barnehagen.

## Barnehagane

Kommunedelplan for oppvekst 2014-2026 fortel om status og utfordringar innafor barnehagesektoren, og den seier noko om korleis vi vil ha det innafor område oppvekst i Masfjorden kommune. Dette vert meir konkretisert i Handlingsplan 2014-2018.

Til dømes: **Barnehage og skule skal gje eit likeverdig tilbod i alle tre oppvekstområda.** Barnehagane løyser dette med å ha felles satsingsområde for alle tre barnehagane, og ein felles del i årsplanen.

Satsingsområde for perioden 2014-2018 er musikk, drama og forming.

### Målet for dette arbeidet er:

**Barna har gjennom rike erfaringar med musikk, drama og forming fått høve til sansing, lytting, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, estetiske uttrykk, tenking og kommunikasjon, og dei har skapt sin eigen kultur utifrå egne opplevingar.**

Det er utarbeidd egne progresjonsplanar for musikk, drama og forming.

Masfjorden kommune hadde full barnehagedekning i 2015. Alle som søkte, fekk plass. Hovudinntak er i mars, men me praktiserer løpande inntak heile året så lenge der er plass. At me er så fleksible, vert godt motteke blant foreldra, men det stiller og krav til dei tilsette og fører til at det lett blir overskriding på lønsbudsjettet. Nokre barn frå Gulen går i barnehage hos oss.


Masfjorden har framleis barnehageprisar som ligg under makspris. Ingen av barnehagane har hatt ventelister. Sommaren 2015 var kvar barnehage stengd i ei veke etter vedtak i kommunestyret.

Dei tre barnehagane har eit utstrakt samarbeid på styrarplan med møte minst ein gong for månaden. I 2015 har det vore kursing av både assistentar/fagarbeidarar og pedagogar i regi av Nordhordland kursregion. Kommunale samlingar for dei pedagogiske

leiarane har halde fram. Alle tilsette har vore med på kommunale planleggingsdagar i løpet av barnehageåret.

Det vart ikkje halde tilsyn med barnehagane i 2015.

Barnetal og prognosar				
2012	2013	2014	2015	2016
84	85	87	91	90
Årsverk				
2012	2013	2014	2015	2016
23,55	23,55	25,67	27,65	27,82



Netto driftsutgifter per innb. 1-5 år i kr., barnehagar





## Indre Masfjorden barnehage

### Mål og visjon:

Indre Masfjorden barnehage har to enkle hovudmål som vi byggjer den pedagogiske drifta vår på på:

- **At barna er trygge og trivast**
- **At barna lukkast i samspel på tvers av alder**

Visjonen og måla våre er det vi heile tida strekkjer oss mot, og som skal vere hovudfokus for arbeidet vårt i barnehagen. Med dette meiner vi at uavhengig av kva opplegg vi har planlagt, eller når vi legg til rette for fri-leik i barnehagen, så er det med denne visjonen og desse måla i fokus.

### Satsingsområde

På vårparten av 2015 var det drama som var i fokus, og på hausten var forming i fokus.

### Våren 2015

2015 starta med totalt 21 barn, totalt 28 plassar, i Indre Masfjorden barnehage. 14 barn på Revehiet og 7 barn på Bamsebu. Satsingsområdet var drama, med fokus på eventyr. Vi vart kjende med mange norske folkeeventyr, og barna på Revehiet laga ei dramaførestilling av «7. far i huset» som dei viste til førskulebarna frå Nordbygda og Sandnes barnehagar, og på jubileumsfeiringa til barnehagen i mars. På Bamsebu jobba dei mykje med element henta frå eventyra, som til dømes «troll». Til dømes fekk barna vere dagens «trollunge» i staden for dagen hjelper – noko som var veldig populært. Dei lærte seg og mange fine trollsongar.

Indre Masfjorden barnehage opna dørene for første gong 28.02.1990, og vi feira 25 års jubileumet (litt på etterskot) i mars. Felles bading for alle førskulebarna heldt fram, og vart avslutta med ein tur ilag til ein flott naturleikeplass på Eikangervåg. Då var vi så heldige at rådmann Svein Helge var med oss heile dagen. Det vart gjennomført barnehagetur til Drømmegården i Lindås. I byrjinga av juni arrangerte foreldra sommarfest for barna, foreldra og personale, og det var overnatting i barnehagen for førskulebarna.

Tre nye barn begynte i barnehagen i løpet av mai og juni. Barnehagen (og SFO) hadde feriestengt i to veker i løpet av sommaren. Først veke 29 som planlagt, og i tillegg veke 30 på grunn av manglande påmelde barn til denne veka. Vi hadde felles drift med SFO i veke 28 og 31.

### Hausten 2015

Ved oppstart av nytt barnehageår 2015-2016 talde vi totalt 12 barn på Revehiet, og 5 barn på Bamsebu, totalt 17 barn og 22 plassar. Utover hausten har det komme til fire barn til, to på kvar avdeling, og til jul talde vi 21 barn fordelt på 28 plassar. Tre av desse barna kom som kvoteflyktingar til Matre i september. Satsingsområde var no forming, og det vart jobba mykje med ulike teknikkar innafør dette området. På Revehiet har det vore fokusert på biletskaping, bruk av naturmaterialar og tredimensjonale uttrykk. På Bamsebu har det vore jobba mykje med fargane – innlæring av dei ulike fargane og kvar vi kan finne dei att rundt oss.

Dei faste tradisjonane knytt til jul og juleførebuving vart vel gjennomførte og vi hadde ei fin førjulstid.

Garderoben på Revehiet har vorte oppgradert, og like etter nyttår 2016 kom endeleg dei siste garderobeplassane på plass, og no er garderoben fullt brukande att etter ein haust med ombygging.

### Kompetanseheving

Pedagogiske leiarar og styrar starta på kursrekkeja Kvalitetsarbeid og endringsledelse i barnehagen i regi av Nordhordland kursregion og Conexus. Styrar fullførte Pedagogisk veiledning modul 1 våren 2015. Felles kurs i førstehjelp for alle barnehagetilsette 29.09.2015. Felles planleggingsdag 6. november for alle barnehagetilsette. Tema var Kom skal vi leke.

### Medarbeidarar

Ved nyttår 2015 var det knytt 503,17 % stillingar til barnehagen. Ein styrar i 100 % stilling, to pedagogisk leiarar i høvesvis 100 % og 80 % stillingar, ein spesialpedagog i 100 % stilling, tre assistentar i totalt 173,17 % stillingar. Den eine pedagogiske leiaren er tilsett på dispensasjon frå utdanningskravet grunna manglande kvalifiserte søkjarar til stillinga.

Frå hausten 2015 vart ein pedagogisk leiar i 100 % stilling overflytta frå Nordbygda barnehage til Indre Masfjorden barnehage, og det vart tilsett ein pedagog i 60 % stilling. Frå oktober og ut desember jobba styrar 50 % i Indre Masfjorden barnehage og 50 % i Sandnes barnehage på grunn av at styrar i Sandnes barnehage har vore langtidssjukemeld.

### Utfordringar

Ei av barnehagane i Masfjorden sine største utfordringar er framleis å få kvalifiserte søkjarar til pedagogstillingane vi lyser ut. Dette er noko vi lyt ta tak i og få gjort noko med for at vi i framtida kan behalde det gode pedagogiske tilbodet vi har per i dag i barnehagane våre.

Ei anna problemstilling som dukka opp, var at det vart det utfordrande å få vaktplanen til å gå i hop då det kom inn sjukemeldingar etter at ferieplanen vart lagt i sommar. Så seint i ferieavviklinga var det uråd å få tak i vikar. Dette førte til ei ekstra belastning for dei som var på jobb i barnehagen i løpet av ferieavviklinga. Trass i av at barnehagen skal unngå å nytte ferievikar, bør ein likevel vurdere dette i framtida slik at vi kan sikre best mogeleg ferieavvikling for alle i personalet framover.



## Nordbygda barnehage

### Målet er:

- at barna er trygge og trivast i barnehagen
- at kvart barn skal oppleve glede, trivsel og meistring ute i naturen
- at barna skal lukkast i sosialt samspel på tvers av alder
- at barna skal få opplevingar innan musikk og drama som gir dei glede og utfordringar

2015 starta med at foreldre gjekk saman om å bygge grillhytte på uteområdet. Frode Molland var «byggeleiar». Det var ein stor dugnad som vart gjennomført før hytta stod ferdig til offisiell opning på Barnehagens Dag den 10.mars .



2015 var Friluftslivets år og vi hadde mykje uteaktivitet gjennom heile året. Grillhytta vart brukt til samlingar, matlaging og varme-hytte. Om sommaren kunne ein gå inn der og finne skygge. Der er plass til alle barna. Ute i skogen hadde barna eit prosjekt der dei bygde gapahuk. Dette er god læring, både når det gjeld å samarbeide, og lære kva materiale ein treng i kva størrelse og mengde. Vi hadde faste turdagar på alle avdelingane kvar veka. Desse turdagane var tilpassa alderen og utviklinga til barna, og det varierte difor kor langt vi gjekk, og kva som var innhaldet på turdagane. Arbeid med språk og språkstimulering er eit satsingsområde i barnehagen. Vi brukar biblioteket der Kjellaug les høgt for mindre barnegrupper. Elevar frå skulen kjem og les i barnehagen, og dette er god trening for både liten og stor. Bøker er tilgjengelege for barna i avdelingane, og dei er veldig glad i si eiga bok som foreldra har laga, og som heng på dei avdelingane der dei minste barna går - Blåklukka og Fiolen.

Med dei eldste barna har vi arbeidd med eit opplegg som heiter «Trampoline». Dette opplegget er utarbeidd for førskulebarn med tanke på førebuing til skrive- og leseopplæring. Denne gruppa har òg « Skrivdansen », der dei bevegar kroppen og teiknar til musikk. Erfaringane våre i dei åra vi har jobba med denne metoden, viser at det for alle barna skjer ei positiv utvikling frå haust til vår.

Også dette året har vi samarbeida med Nordbygda skule. Det

vart utarbeidd eigen årsplan for samarbeidet. Frå nytt barnehageår i august månad hadde vi etablert ny avdeling i skulen sine lokale (den gamle teiknesalen i kjellaren). Den «nye» avdelinga Hestehoven stod klar til bruk ved oppstart. Avdelinga er godkjent for bruk i 3 år. Det er utfordringar med å ha lokale i såpass avstand til barnehagen, så vi håpar at det vert ei løysing for Nordbygda barnehage sitt behov for meir areal framover. Heldigvis er både tilsette og foreldre positive, og dei gjer det beste ut av situasjonen.

Barnehagen arbeider for å være i god dialog med foreldregruppa, og tilbakemeldingane vi får i foreldresamtalane er positive. Det er stor grad av trivsel blant barn og vaksne knytt til Nordbygda barnehage. Foreldra var initiativtakarar til bading på Matre for dei eldste barna i 2012. Frå oktober 2013 har vi samla dei eldste barna i alle barnehagane til bading på Matre. Tidleg tilvenning til vatn gjev tryggleik i vatn. Livredningskurs vart gjennomført i desember, og vi har 5 stk i personalet med den kompetansen no. Drama var satsingsområde barnehageåret 2014-15 i alle 3 barnehagane i kommunen.

Vi nådde målet om at kvar barnehage dramatiserte ei framsyning som dei reiste rundt til dei andre barnehagane med våren 2015. Vi starta det nye barnehageåret i august med kurs for alle tilsette der vi hadde fokus på arbeidsglede, motivasjon, haldningar og livsglede. Dette ga nyttige refleksjonar over eiga adferd, og alle ønskte oppfylgingskurs i 2016.

6.november var alle tilsette i barnehagane i Masfjorden på kurs på Matre - «Kom skal vi leke» . Å reise i lag på kurs er motiverande, og gir eit betre utgangspunkt for å kunne setje idear ut i livet på eigen arbeidsplass. Dette kurset lanserte vi som tilbod til barnehagar i kommunane Radøy, Austrheim og Modalen òg, og Kaland barnehage deltok.

Ein tradisjon i desember er overlevering av peparkakehus til Sjukeheimen. Like kjekt kvart år.

Målet vårt for 2015 var å sikre ei stabil grunnbemanning slik at vi skulle få jobba målretta med utvikling av barnehagens innhald. Dette målet er delvis nådd, men utfordringar med frávær og mangel på vikarar har gjort det vanskeleg å få jobbe systematisk og i prosessar med barna.

Vårt mål for 2016 er å setje i gang utviklingsprosjekt med fokus på uteområdet i barnehagen. Dette arbeidet starta vi hausten 2015.

Eit mål i arbeidet med forming som satsingsområde er ei utstilling av barnas bilde på Galleri Venterommet i samband med Barnehagen's Dag 1.mars -16.





## Sandnes barnehage

### Mål og visjon:

Sandnes barnehage har to hovudmål som den pedagogiske drifta byggjer på:

- At barna er trygge og trivast
- At barna lukkast i samspel på tvers av alder

### Satsingsområde

Det er utarbeidd egne progresjonsplanar for musikk, drama og forming. Sandnes barnehage har i likskap med dei to andre barnehagane satsa særskild på drama første halvdel av 2015.

Med utgangspunkt i barnehageplanen til Masfjorden kommune har vi også i 2015 jobba med satsingsområda som er skissert der. Dette gjeld områda:

- Uteliv
- Språkstimulering
- Tydelege vaksne
- Samarbeid med skulen
- Sosial kompetanse

### Oppsummering av året 2015

Året starta opp slik det avslutta i 2014, 29 barn (36 plassar) fordelt på 3 avdelingar.

Satsingsområdet til barnehagen førte til ein vinter og vår med mykje utkledding og dramatisering av fleire eventyr. Satsinga vart avslutta med ein dramaturné mellom barnehagane i juni. Sandnes barnehage framførte syngespelet «Drageslottet», ei førestilling med rollespel og mykje song. Kulissar og kostymar laga borna sjølv. Dette var ei fin avslutning på eit barnehageår der estetiske uttrykk og skapande verksemd var viktige stikkord.

Samarbeidet mellom barnehagane har halde fram i 2015 og felles bading med Nordbygda- og Indre Masfjorden har vore gjennomført både vår og haust. Nytt tilbod frå hausten var felles transport til Matre for førskuleborna frå Sandnes og Nordbygda. 20.mai hadde førskuleborna ei felles avslutning med tur til naturleikeplassen ved Eikangervåg. Rådmann Svein Helge var med oss heile dagen. 21.mai hadde førskuleborna i Sandnes barnehagen avslutning på tradisjonelt vis med overnatting i barnehagen. Pizza, kino og tur til badestranda i Merkesdalen var noko av det som stod på programmet.

Sommarfesten vart arrangert onsdag 17.juni med nok ei framsyning av syngespelet «Drageslottet». 8 flotte førskulebarn tok stolt imot diplom og perm med mange fine minne frå barnehagetida. Denne sommaren slutta det eit barn til i barnehagen, også stolt og kry då det tok imot permen sin.

Hausten 2015 starta opp med 28 born fordelt over 39 plassar. I september ønskte me velkomen endå eit nytt barn.

Forming var satsingsområdet om hausten, og det har vore jobba med ulike teknikkar innanfor dette området på alle 3 avdelingane. Oktober var sett av til arbeid med FORUT-aksjonen, og gjennom filmar og forteljingar blei me kjent med born frå Nepal og deira levevilkår. Prosjektet vart avslutta med FORUT-kafè i barne-

hagen fredag 30.oktober og inntekta på over 7.000 kr har me sendt til FORUT. I november vart det investert i nytt gjerde rundt delar av barnehagen. Desember var fylt av faste juleaktivitetar som juleverkstad, nissefest, julegudsteneste og tenning av julegran med foreldrefrukost utandørs. Førskuleborna laga eit flott peparkakehus som stod utstilt på butikken på Sandnes.

### Samarbeid med Sandnes skule

Barnehagen og småskulen hadde våren 2015 eit godt samarbeid med felles utedag annakvar veke, det pedagogiske ansvaret var delt mellom barnehage og skule. Hausten 2015 har samarbeidet vore mellom førskulen og 1.klasse, pedagogisk leiar på Nordavind og kontaktlærer for 1.klasse har samarbeida tett og delt det pedagogiske ansvaret. Kvar torsdag frå kl. 11.30-13.45 har førskuleborna gjennomført skrivedans og utedag saman med 1.klassen. Skulen har invitert barnehagen på ulike tilstellingar som fredagskafè, sunn mat og rikskonsertar, me har gleda oss over kvar invitasjon og har delteke på mykje av det.



### Kompetanseheving

Dei pedagogiske leiarane starta på kursrekke Kvalitetsarbeid og endringsledelse i barnehagen i regi av Nordhordland kursregion og Conexus. I september var det felles kurs i førstehjelp for alle barnehagetilsette. I november var det felles planleggingsdag for alle barnehagetilsette. Tema var Kom skal vi leke.

### Medarbeidarar

Ved nyttår 2015 var det 940 % stillingar knytt til barnehagen: Ein styrar i 100 % stilling (sjukemeld), tre pedagogisk leiarar i 100 % stilling, ein barne- og ungdomsarbeidar i 100 %, ein fagarbeidar i 80 % stilling og fire assistentar i totalt 360 % stillingar.

Ved start av nytt barnehageår var det 780 % stillingar knytt til barnehagen. Ein styrar i 100 % stilling (sjukemeld), tre pedagogisk leiarar i 100 % stilling, ein fagarbeidar i 100 % stilling (vikariat), ein fagarbeidar i 100 % stilling og to assistentar i totalt 180 % stillingar. I oktober vart det tilsett ny assistent i 100 % stilling.


### Utfordringar

Året 2015 starta opp med styrar i langtidssjukemelding. Det vart sett inn ulike løysingar for å ivareta dei administrative oppgåvene og frå midten av oktober til årsslutt var styrar i Indre Masfjorden barnehage tilsett som 50 % styrar i Sandnes barnehage. Sjølv om det har vore utfordringar knytt til manglande styrarressurs, har året bore preg av eit godt og sterkt personalsamarbeid.

## Skular

### Årsverk skulane

År	2013	2014	2015
Matre	13,18	12,42	12,43
Nordbygda	14,39	16,39	17,83
Sandnes	15,16	13,75	13,75



Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring pr innb 6-15 år

### Elevtal og prognosar grunnskulen

År	2012	2013	2014	2015	2016
Matre	67	68	63	67	63
Nordbygda	69	79	85	81	82
Sandnes	66	56	50	53	50
Totalt	202	203	198	201	195

RAMMETIMETAL	2013-14	2014-15	2015-16	2015-16
Timar til vanleg undervisning pr. veke	637	624	622	608
Spesialundervisning pr. veke	86	91	86	89
Assistenttimar pr. veke	219	210	176	196

Sektoren skule i Masfjorden omfattar grunnskule, SFO, PPT, kulturskule og vaksenopplæring.

Innan vaksenopplæring gjev me norskopplæring til framand-språklege som for kortare eller lengre tid bur her. Hausten 2014 starta me også vaksenopplæring for andre som treng oppfrisking av kunnskapane sine frå grunnskulen.

**PPT-samarbeidet** med Gulen og dei andre kommunane i Ytre Sogn og – Sunnfjord held fram som før. Me har vårt eige PPT-kontor med eigen spesialpedagog (logoped) på kommunehuset, og gjer oss elles nytte av dei fagpersonane som er knytt til kontoret i Eivindvik. I den grad me manglar fagpersonar i Gulen og Masfjorden, hentar me dei frå dei andre samarbeidskommunane.

**SFO- tilbodet** blir gjeve av kvar einskild skule, delvis i samarbeid med barnehagane. I feriar og på skulefrie dagar er SFO i barnehagen så langt det er praktisk mogleg. På den måten får me brukt personalressursane mest effektivt. Leksehjelp er i gang på alle skulane. I sommarferien samarbeider barnehage og SFO om å halda ope. Det førte til at sist sommar hadde ein stengt berre ei veke i barnehage og SFO.

**Kulturskulen** gjev dette skuleåret tilbod til om lag 135 elevar. Dei fleste er elevar i grunnskulen. Det er òg etablert tilbod for unge funksjonshemma.

**Skulane:** Etter krav frå statlege styresmakter vert det kvart år utarbeidd ein tilstandsrapport. Tilstandsrapporten skal omfatta læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten vert handsama av kommunestyret. Frå hausten 2015 vart både skulane og skuleeigar mykje opptekne med prosjektet ungdomssteg i utvikling. Det er ei statleg satsing. Arbeidet i høve til «heilskapleg plan for eit godt læringsmiljø» held fram på kvar skule.

**Felles prosjekt:** Kommunen er med i MOT. Dette arbeidet går ut på å gjera elevane i ungdomsskulen betre i stand til å ta egne val for å meistra livet. MOT-arbeidet er godt etablert på alle skulane og MOT-informatørane har ei svært god hand om arbeidet.





## Sandnes skule

**Skule og heim, -saman for glade, dyktige og spreke elevar.**

### Sandes skule i Utvikling:

I februar starta førebuinga til deltaking i UDIR si satsing Ungdomstrinn i Utvikling. Dette er ei nasjonal satsing med tilbod om støtte til lokalt utviklingsarbeid i klasseleiing, rekning, lesing og skrivning. Satsinga har tre sentrale verkemidlar - skulebasert kompetanseutvikling, lærande nettverk og pedagogiske ressursar. Alle skular i Noreg med ungdomstrinn får i perioden 2013-2017 tilbod om å delta i satsinga. Målet for satsinga er meir læring og auka motivasjon hjå elevane. Det vart gjort ein grundig ståstadsanalyse og Sandnes skule valde klasseleiing som satsingsområde. Sandnes skule utarbeidde i 2014 *Heilskapleg plan for eit godt læringsmiljø*, som vart vedteken i Skulemiljøutvalet 01.12.14. Ved å halde fokus på læringsmiljø og klasseleiing **over tid**, meiner me at me vil lukkast betre i å skape eit godt læringsmiljø med læringsfokus, inkludering og omsorg for kvarandre. Elevundersøkinga vert hjå oss gjennomført for 5.-10. klasse. Resultata frå 2013 til 2015 syner ei positiv utvikling når det gjeld trivsel, læringsstøtte frå lærarar og forventningar og støtte frå foreldre. Det er mange faktorar som påverkar resultatata på ei slik undersøking: Det er små elevgrupper og det ein elev svarar gjev store utslag. Skulen har dei siste åra hatt utviklingsarbeid med fokus på læringsmiljø. Me er glade for ein positiv trend og det motiverer oss for vidare arbeid.

Det er færre elevar som melder om at dei vert plaga, halde utanfor eller mobba. Sandnes skule gjennomfører både anonym og ikkje-anonym kartlegging av læringsmiljøet i 5.-10. klasse, som vert følgt opp med tiltak. Me koplar på foreldre og søker hjelp frå skulehelsetenesta og PPT. Det vert fatta einskildvedtak når me vert kjende med at det er elevar som ikkje har eit forsvarleg læringsmiljø. Elevar og foreldre gjev tilbakemeldingar i utviklingssamtalar som tyder på at læringsmiljøet er godt.

### Dyktige elevar:

Kompetansemåla i læreplanane er utgangspunkt for læringsmåla eleven skal arbeida for å nå. Lærarane planlegg og legg opp til læringsaktivitetar for at elevane skal bli dyktige og kunne nå dei måla som er sett. Det vert sett fagleg mål og sosiale mål. Ved skulestart i august hadde me felles planleggingsdag i Masfjorden der tema var praktisk, variert og relevant undervising. I elevundersøkinga melder elevane om at dei opplever meir variasjon i undervisinga og auka motivasjon for læringsarbeidet.

Sandnes skule har små klassar og må då sjå på resultat på nasjonale prøvar, eksamens- og standpunktkarakterar som indikasjonar på kvaliteten i den opplæringa som Sandnes skule gjev. På nasjonale prøvar ser me at det er variasjonar mellom åra, men snittet dei siste åra ligg på nasjonalt nivå. Me arbeidar for å bli betre på å nytte desse resultatata for å gje eleven tilpassa opplæring. Det er godt samsvar mellom eksamens- og standpunktkarakterar, det er jamt over gode resultat på munnlege og skriftlege eksamenar, me ligg høgt på grunnskulepoeng og elevane våre kjem inn på skulen dei ynskjer. Det er også lite fråfall av våre elevar frå vidaregåande skule.

### Spreke elevar

Å vera spreke handlar både om psykisk og fysisk helse. Me arrangerer stafettar, har felles fjellturar, 1.- 4. kl har utedag, - ofte saman med barnehagen og skulen har eit uteområde som legg til rette for aktivitet. 1.-7. klasse har samarbeid med helselaga på sørsida og lagar til Sunn mat - hyggelege og gode fellesmåltid, der også barnehagen deltek. Elevane på ungdomssteget lagar til fredagskafear som er opne for alle. Me ser spreke elevar som tek på seg små og store utfordringar, i kvardagen og ved spesielle høve.

Sommarfesten i juni var jubileumsfest! Sandnes skule vart teken i bruk skuleåret 1964/65 og feira då 50 år dette året. Tidlegare og noverande elevar deltok, det var helsingar, talar og kulturinnslag. FAU serverte festsuppe og jubileumskake. Rådmann og ordførar overrekte gaver frå Masfjorden kommune. Før juleferien presenterte skulen ei flott framsyning for foreldre og bygdefolk. Sandnes skule har eit godt opplegg for kulturformidling. Dette er viktige arenaer for fellesskap, å få utfordringar og å oppleve å lukkast. Me ser resultat av at elevane øver seg på framsyningar frå dei er små. Biblioteket, Bokbåten, Den kulturelle skulesekken og Rikskonserterne er også viktige innslag i skulekvardagen. Skulen har vidare eit godt samarbeid med Masfjorden Kulturskule og MOT. Me har tett samarbeid med helsesøster, PPT, BUP og barnevern når det er behov for det.



### SFO ved Sandnes skule:

Våren 2015 var det ikkje behov for, og då ikkje tilbod om, SFO. Då skulen tok til i august var det 8 elevar i SFO og skulefritidsordninga er open kvar dag skuleåret 2015/16. SFO har base på rom 6 og 7, og nyttar uteområdet, bibliotek og gymsalen til leik og aktivitet.

### Leksehjelp ved Sandnes skule:

Sandnes skule har leksehjelp for elevane frå 4. - 10.klasse. Ei gruppe på barnesteget og ei på ungsomssteget. Oppslutnaden er størst i barneskulen.

### Lokale for undervising og SFO

Sandnes skule har fått installert ventilasjonsanlegg i den gamle delen av skulen, der klasserom og spesialrom er. Arbeidet vart utført sommaren 2015 og anlegget vart starta opp og inn-regulert i september 2015. Det vart også gjort noko målearbeid og mindre oppgradering av sløydsal, tekstil- og naturfagrom i samband med avslutninga av ventilasjonsarbeidet. Skulen hadde tilsyn i høve til Miljøretta helsevern i desember 2015 og det vert gjort nye målingar på innelukka i januar 2016. Skulen ligg då an til å bli godkjend etter Forskrift for miljøretta helsevern i løpet av 2016.

Sandnes skule opplever eit godt samarbeid med reinhaldarane og er svært godt nøgd med kvaliteten på arbeidet dei utfører.

## Matre skule

2015 starta gjerne litt brått for mange. Alf Strand og Karstein Totland møtte opp 6. januar for å ha ein samtale med elevrådet på skulen. Tema for møtet var mogeleg samanslåing av ungdomsskuletrinna i Masfjorden. Kort sagt, ein ungdomsskule i kommunen. Dette vart eit positivt og konstruktivt møte med godt førebudde elevar. Elevane bar fram sine tankar, stilte spørsmål og fekk greie svar

Heilt det same var det ikkje då FAU inviterte til informasjonsmøte om same tema. Men at dette er ei sak som engasjerer er det ingen tvil om. Foreldre og bygdefolk møtte opp i hopetal og kommunen sine representantar svarta så godt det let seg gjera. Det er vel rett å sei at det var «storm i Indrefjorden» i ein periode. Den stilna til slutt. Som ein enkel konklusjon kan ein sei det er svært gledeleg at foreldre og andre bryr seg så mykje om skulen.

I skulen jobbar me godt. Me har motiverte og målmedvitne elevar i dei fleste klassane og me legg ned mykje arbeid i at alle elevane skal stå på. Me vil at dei største skal vera gode førebilete for dei yngre, og at me kan spela på kvarandre både i fag og friminutt. Då me reviderte mobbeplanen i fjor var det særleg to punkt som merka seg ut. Det eine var å ha eit tilbod til alle i friminutta. Det andre –ser me alle elevane og kva som skjer/ har alle det bra? Ut frå dei valde me å styrka inspeksjonen i friminutta og starta opp TL som står for «Trivselsleiar». Her er det elevane sjøve som står for aktivitet i friminutta. Dette for at det skal vera eit tilbod til alle og ingen grunn for å stå åleine. Rolla som trivselsleiar må du søkja på eller bli nominert til. Gjer du ikkje jobben din, er det andre som må overta. Det er alltid ein vaksen som ser og som er med å driva dette. Me ser ei positiv endring i elevmiljøet etter at me starta med «Trivselsleiar».



Elevane scorar godt på prøvar og eksamen. Nasjonale prøvar viser og fine resultat. Me jobbar mykje med ulike læringsstrategiar og vurdering av eige arbeid. Dette fremjar læring og viser att på resultatata. Elevane tek gradvis imot nye reiskapar som fungerer for dei. Dette var også noko me alt på våren kom til å setja meir fokus på då me lukta på den nye satsinga «Ungdomstrinn i utvikling».

For vår skule vart, og er, satsingsområdet lesing. Deltema er praktisk og variert undervisning, vurdering for læring og organisasjonsutvikling. Her er alle elevane og alle tilsette med fordi me har så små forhold der alle lærarar er involverte i dei fleste klassar.

«Lærande nettverk» er eit anna omgrep som vil setja preg på skulekvardagen. Dei tilsette skal jobba i nettverk, planleggja, gjennomføra og evaluera saman. Me skal læra av kvarandre, dela med kvarandre og gjera kvarandre gode. Dette er me i gang med, men det er enno ein lang veg fram.

Planen «Heilskapleg plan for eit godt læringsmiljø» ligg i botn for arbeidet me gjer. Me ser kor viktig dette arbeidet er for felles forståing, men og kor viktig det er å følgja opp det me ein gong var samde om.

Hautsemesteret starta opp med opning av eit flott idrettsanlegg på skulen. Fantastisk å få dette på plass etter å ha arbeida med planane i over 25 år! Og at dette vart godt motteke, er det liten tvil om. Det er her elevane har vore i alle friminutt sidan opninga. Gode utfordringar for motorikk, balanse og koordinering. Og ikkje minst samarbeid på tvers av alder og klassar. No må me vera flinke å halda anlegget ved like og sjå til at elevane våre brukar det slik det skal brukast.

Og så – på ganske kort varsel og sjølv om me hadde førebudd oss ei stund, kom det 5 nye elevar til skulen. Positivt, kjekt og ganske utfordrande. Desse nye snakka ikkje same språk som oss, har ikkje same kultur, er ikkje vane med våre reglar og rutinar. Men dei kjem med ein motivasjon og eit mot som imponerer og overraskar oss stort. Dei kjem frå Syria og er klare for eit nytt liv i vesle Masfjorden.

Me bretta opp ermene samla saman gode krefter og meiner at me så langt har gitt dei det me kan og kanskje meir til. Skulen og bygdefolket elles har teke svært godt imot dei, og me håpar at dei vert verande hjå oss. Me ser også at fleire i deira situasjon er velkomne til oss.

Året har gått fort, mykje har vorte gjort. Ein har teke tak i ulike utfordringar. Det viktigaste er likevel elevane våre og deira læring. Ser me kvar einskild elev og eleven sine utfordringar? Arbeider me systematisk og målretta slik at alle får utvikla seg fagleg og sosialt? Driv me eit fornuftig og skikkeleg utviklingsarbeid til det beste for elevane si læring, og korleis måler me kva dei har lært? Kva er skilnaden på å kunna og å læra?

Mange viktige spørsmål. Spørsmål som me arbeider me kvar dag, og som me stadig vert betre på.



## Nordbygda skule

Satsingsfelt Denne tabellen tek utgangspunkt i halvtårsevalueringa til teama utført i januar -16, og reflekterer då først og fremst det arbeidet som er gjort siste halvdel av kalenderåret 2015. Men sidan dei to første satsingsområda står over frå skuleåret 2014/15, vil tabellen likevel kunne gi eit innblikk i både tiltak, arbeidsmåtar og teikn på måloppnåing for heile 2015. Satsingsområdet «Skriving som grunnleggjande dugleik» er nytt frå hausten 2015, og ein del av det sentralt initierte «Ungdomssteg i utvikling».

Satsings-område	Idealsituasjon, - det målet me arbeider mot	M.a. desse planlagde tiltak er gjennomførte	Teikn på at me nærmar oss målet
Sosial kompetanse	<p>*Elevar som</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-er trygge og gler seg til å kome på skulen</li> <li>-kjenner seg sett og verdsett på skulen</li> <li>-vert akseptert for den ein er</li> <li>-som snakkar fint med og om kvarandre og dei vaksne</li> <li>-er hjelpsame</li> <li>-tek ansvar for seg sjølv og andre</li> <li>-gir melding til vaksne når det skjer uønska handlingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Zippys venner i 1.-4. kl.</li> <li>*Skulemekling på mellomsteget</li> <li>*Arbeid m/m.a. «Skjult mobbing» m heile jentegruppa mell.steget</li> <li>*MOT på ungdomssteget</li> <li>*Felles normer for klasseleiing</li> <li>*Bruk av programmet «Trivselsleiarar»</li> <li>*Konkrete, sosiale mål på arbeidsplanane</li> <li>*Fadderordning for 1. klasse</li> <li>*Gjennomført ikkje-anonym elevundersking om mobbing m/ påfølgjande elevsamtalar</li> <li>*Gjennomført hyppige elevsamtalar</li> <li>*Sett opp «glansbilete» for inspeksjonen og etterlevd denne</li> <li>*Arr. på tvers:fjelltur, adventssamling, juleverkstad, vennskapskveld m.m.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Den ikkje-anonyme elevundersøkinga og elevsamtalane syner at dei aller fleste elevane trivst godt og er trygge på skulen</li> <li>*Aktivitatar på tvers av trinna som fjellturar, juleverkstad, fellesmåltid m.m. fungerer svært godt og syner at elevane tek vare på kvarandre</li> <li>*Elevane er flinke til å oppsøkje ein vaksen når det skjer noko ekstra i friminutta.</li> <li>*Fadderordninga fungerer godt</li> <li>*Arrangement i regi av elevråd, valfagsgruppa og TL skapar ekstra aktivitet og trivsel</li> </ul>
Fysisk aktivitet	<p>Elevar som</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-er fysisk aktive kvar dag</li> <li>-er i god form og får godt læringsutbyte av skulearbeidet</li> <li>-får lære gjennom ulike former for fysisk akt. Både i praktiske og «teoretiske fag»</li> <li>-er glade og i godt humør</li> <li>-er glade i naturen og får nytte den både til fysisk utfolding og læring</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Kurs for alle tilsette i «Læring gjennom fysisk aktivitet i alle fag», FYSAK», vår 2015</li> <li>*Hatt FYSAK i alle fag</li> <li>*«Trivselsleiarar»</li> <li>*Morgontur for u.steget</li> <li>*Utedag 1./2. kl.</li> <li>*Fellesturar, både dagstur og kortare turar på mell.steget</li> <li>*Fysisk akt. og helse som valfag</li> <li>*Overnattingstur for u.trinnet</li> <li>*Oppgradert turløype u.trinnet</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Elevane er generelt svært aktive i friminutta, både i organiserte aktivitatar og fri leik</li> <li>*Dei nye leikeapparata er populære og mykje brukte både blant yngre og eldre elevar</li> <li>*Trivselsleiarane gjer ein god jobb med å aktivisere medelevar</li> <li>*FYSAK gjer elevane fagleg engasjerte samstundes som dei er fysisk aktive</li> </ul>
Skriving som grunnleggjande dugleik	<p>Lærarar som</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-er bevisste rolla si som skriveleiarar</li> <li>-prøver ut nye metodar i etterkant av skulering</li> <li>-deler erfaringar og refleksjonar etter utprøving</li> <li>-bevisst utnyttar samanhengen mellom lesing og skriving i undervisninga</li> </ul> <p>Elevar som</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-er glade i å skrive</li> <li>-er i stand til å vurdere si eiga skriveutvikling</li> <li>-er mottakarmedvitne</li> </ul>	<p>Lærarane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Skulebasert kompetanseutvikling med støtte frå NLA</li> <li>*Arbeid i mellomperiodane</li> <li>*Nytte teamtid og utviklingsmøte til erfaringsdeling og refleksjon</li> </ul> <p>Elevane:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>*Samskriving</li> <li>*Kameratvurdering</li> <li>*Proessorientert skriving</li> <li>*Bruke skriverammer</li> <li>*Vurdering for læring</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>*Elevane synest det er kjekt å skrive</li> <li>*Dei fleste kjem raskt i gong med skriveoppgåver</li> <li>*Elevane tykkjer det er nyttig med skiverammer</li> <li>*Lærarane deler erfaringar, oppgåver og undervisningsopplegg</li> </ul>

\*Elevmiljøet: Sjølv om både den ikkje-anonyme elevundersøkinga og udir. si elevundersøking (anonym, gjennomført i 7. og 10. kl.) syner at dei aller fleste elevane trivst og har det bra på skulen, er der alltid tilhøve som kan bli betre, og som ein må jobbe bevisst med. Dette gjeld både i høve enkeltelevar og klassar. I 2014 vedtok samarbeidsutvalet «Heilskapleg plan for eit godt læringsmiljø ved Nordbygda skule.» Skulen legg stor vekt på å etterleve denne planen, både når det gjeld det førebyggjande arbeidet og korleis ein skal handtere enkeltsaker. Ein kan ikkje slå seg til tåls med at det store fleirtalet har det bra dersom det er enkeltelevar eller grupper av elevar som slit i høve til kvarandre. Eit godt miljø må gjenskapast kvar dag. Viktige stikkord her er ei god og konsekvent klasseleiing, god inspeksjon og tett dialog og samarbeid med foreldre.



\*«Ungdomssteg i utvikling»/ «Nordbygda skule i utvikling» Masfjordkulane kom våren 2015 med i pulje 3 av det store, sentralt initierte utviklingsarbeidet «Ungdomssteg i utvikling». Målsettinga til satsinga er m.a. å gjere undervisninga på ungdomssteg meir praktisk, variert og relevant, ikkje minst for å auke motivasjon for skularbeid og hindre fråfall i vidaregåande skule. I våre kombinerte barne- og ungdomsskular er det naturleg at alle klassetrinna er med. Nordbygda skule har skrivning som grunnleggjande dugleik som sitt spesielle fokusområde. Me får ekstern støtte og rettleiing frå Norsk Lærarakademi i dette arbeidet, i tillegg til at Liv Dyregrov er utnemnd som ressurslærer som får ekstra skulering og avsett tidsressurs til å vere skulen sin tilretteleggjar, pådrivar og faglege inspirator. Me er komne godt i gong med arbeidet, men noko resultatoppnåing er det naturleg nok vanskeleg å vise til så langt. Likevel: Det er gledeleg å sjå at i den obligatoriske elevundersøkinga føretatt i desember 2015, syner områda «praktisk opplæring», «varierte opplæring» og «relevant opplæring» ein fin framgang frå dei siste føregåande år, og ein ligg godt over landsgjennomsnittet på desse indikatorane.

\*Standpunktkarakterar, eksamensresultat og grunnskulepoeng: Med våre låge elevtal og klassar med ulikt elevgrunnlag, er det vanskeleg – og ikkje riktig – å ha noko talfesta mål for grunnskulepoeng frå år til år. At det er godt samsvar mellom standpunkt- og eksamenskarakter, er ein viktig indikator på om dei karakterane som skulen har gitt samsvarar med ein nasjonal standard. Her har Nordbygda skule hatt eit godt samsvar gjennom fleire år, og i 2015 var der eit spesielt godt samanfall.

\*Elevar med særskilde behov/ Elevar i vidaregåande skule. Fleire årsverk ved skulen er knytt opp mot elevar med særskilde behov. Det er ei stor og viktig oppgåve å leggje til rette for at dei får eit opplæringstilbod tilpassa deira behov og føresetnader sam-

stundes som dei skal vere ein del av den vanlege skulekvardagen i sine eigne klassar. Det tverrfaglege samarbeidet rundt desse elevane har gode rammer og rutinar, og er viktig for oss som har ansvar for skuletilbodet. Frå hausten 2015 har Nordbygda skule i samarbeid med Knarvik vidaregåande skule gitt vidaregåande skuletilbod til to elevar.

\*SFO og leksehjelp: Gjennom dei 18 åra skulefritidsordninga har vore i drift ved skulen, har dette vore eit populært og kvalitativt godt tilbod til barn og foreldre. Eit stabilt og dyktig personale har gjort ordninga ikkje berre til eit attraktivt fritidstilbod, men til ein viktig læringsarena både sosialt og i høve til fysisk og kreativ utfolding. Også i skuleåret 2015/2016 er det i sving to grupper som får leksehjelp etter skuletid, ei gruppe frå 3.-5. kl. og ei frå 6.-10. kl. Det er ikkje mange av dei eldste som gjer seg nytte av tilbodet, men blant dei som gjer det, er det ei omtykt og velfungerande ordning.

\*Samarbeid heim-skule: Foreldra ved Nordbygda skule har gjennom alle år vore gode støttespelarar for skulen, både på den formelle sida gjennom FAU og dei andre rådsorgana, og i det daglege, meir uformelle samarbeidet. FAU har faste tradisjonar som medarrangør av julefest og andre sosiale arrangement, og har m.a. gitt seg sjølv i oppdrag å lage julefrukost og påskelunsj til alle elevar og tilsette. Flotte, miljøskapande arrangement som elevane ber med seg som gode minne vidare. Hausten 2015 finansierte FAU saman med helselaga i bygda og skulen fleire nye leikeapparat til uteområdet: to doble disser, eit klatre-/balansesettativ og ei venedisse («fuglereirdisse») i uteområdet. Etter denne oppgraderinga av uteområdet, hadde ein «nyopning» under «vennenskapskvelden» i november. Eit slikt arrangement er blitt eit fast tiltak i samband med kampanjen «Vaksne skaper vennskap» som vert arrangert kvar haust. I desember byrja inn å arbeide aktivt med planlegging og søknadsprosedyre for fylkeskommunale midlar til nærmiljøanlegg i tilknytning til skulen. Søknad gjekk av garde i januar -16.

\*Bygningar og fysiske tilhøve ved skulen: Også dette skuleåret har «Hestehoven», avdelinga for dei eldste barna i Nordbygda barnehage, vore stasjonert i Nordbygda skule sine lokale, no med tilrettelegging i underetajsen av spesialromsfløyen. Dette er ei ordning som så langt har fungert greitt. Elles er det mange delar av den relativt store bygningsmassen som ber preg av slitasje, ikkje minst gymnastikksalen, den nyaste klasseromsfløyen og administrasjonsavdelinga. Der det har vore gjort lite vedlikehald og utbeiringsarbeid sidan dei var nye i 1991. Ein ventar også på utskifting av takheller på denne delen av skulebygningane.






## Barneverntenesta

Kommunestyret vedtok i sak 84/15 i møte den 28.10.2015 vertskommunesamarbeid med Gulen med Gulen som vert.

Samarbeid mellom barnevernstenestene i Gulen og Masfjorden er initiert av barnevernstenestene sjølve. Det i seg sjølv er eit godt utgangspunkt for å få til ein felles prosess, og ei god vurdering i høve om ein skal slå saman barnevernstenestene.

	2014	2015
<b>Meldingar</b>	10	10
Gjennomgått innan frist	10	10
<b>Avslutta undersøkingar i alt</b>	6	7
Fristoverskridingar	0	0
<b>Barn med tiltak i løpet av året</b>		10
Barn med tiltak 31.12	18	9
Barn i tiltak som har tiltaksplan/ omsorgsplan	0	12
<b>Oppfølgings- og tilsynsansvar fosterheim</b>		
Kor mange har ikkje fått oppnemnt tilsynsførar	0	0
Barn vi har tilsynsansvar for		7
Barn vi har omsorg for		4
Krav om fire tilsyn i året ikkje oppfølgt	0	0
Krav om to oppfølgingsbesøk ikkje oppfylt	0	0
<b>Internkontroll</b>		
Blir det gjennomført jamnleg gjennomgang av internkontrollen ?	Ja	Ja
Har barneverntenesta skriftlege rutinar og prosedyrar som skal bidra til å sikre korrekt sakshandsaming ?	Ja	Ja
Har barneverntenesta opplæringsplan for dei tilsette ?	Ja	Ja



Netto driftsutgifter per innb. 0-17 år, barneverntenesta

I eit notat som gjekk til formannskap og kommunestyret (datert 04.09.14) orienterte barnevernstenesta om deira tankar rundt prosess og deira planar rundt eit prøveprosjekt med samlokalisering i felles kontor på Hosteland i Masfjorden. I avtalen er det lagt til grunn eit prinsipp der ein fordeler det økonomiske etter folketal når det gjeld løpande, administrative utgifter (t.d. løn, kontor..), medan ein knytter utgifter til faktiske tiltak i og utanfor heimen direkte til den kommunen som born/familie er heimehøyrande i.

Barnevernskantoret har 2 faste stillingsheimlar, og ei prosjektstilling i 50% saman med Gulen, samla 2,4 årsverk.

## NAV

NAV sin visjon ; "Vi gir mennesker muligheter"

NAV Masfjorden sine lokale mål;

- Vere aktiv, tydeleg og løysingsdyktig i dialog og samarbeid for eit inkluderande arbeidsliv.
- Bidra til myndige, stolte og aktive brukarar som ser og arbeider mot det som er mogeleg
- Vere støttespelar for næringslivet for arbeidskraft og kompetanse

NAV Masfjorden er eit lite kontor. Det er difor nødvendig at alle som arbeider her har fagleg bredde.

- Kontoret har kommunale oppgåver innan økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, gjeldsrådgjeving
- Kvalifiseringsprogrammet , støttekontakt, avlastning og rus.
- Bustønad frå Husbanken vert administrert gjennom NAV

Innan dei kommunale tenestene som er nevnt ovanfor har behovet for økonomisk sosialhjelp i 2015 vore om lag som i 2014,

men med auke mot slutten av året. Det har vore auke i behov for økonomisk rådgjeving. Dette kan ha delvis bakgrunn i auka arbeidsløyse, men ein ser også andre faktorar som spelar inn her.

Etter utviklinga av trusselbilete på NAV kontor i Noreg siste året, er det innført standard at dersom det er berre 1 person på jobb, vert kontoret stengt. Me er fleire deltidstilsette, og har difor stengt kontoret onsdag og fredag for å klare å halde ope dei andre 3 dagane.

Når det gjeld oppgåver på statleg del av kontoret, har kontoret god måloppnåing. Arbeidet vårt består i stor grad i oppfølging av personar i kommunen; arbeidssøkjjarar, sjukmeldte, personar som går på arbeidsavklaringspengar, ungdom som ikkje får seg jobb/skuleplass. Vi prøver å formidle jobb eller arbeidspraksis, eller andre tiltak- og vil takke arbeidsgjevarar i kommunen for stor velvilje og samarbeid. Dette er vi avhengige av for å hjelpe folk vidare. Det har også i 2015 vore stort fokus på personar som har gått lenge i systemet, og som går mot stopp i yting. Dette har det vore arbeida mykje med.

NAV Masfjorden har stor måloppnåing på sine oppgåver.

## Helsetenesta

### Helsesøstertenesta

#### Helsestasjon

Tett oppfølging frå fødsel og framover mot 5 års alder etter gjeldande retningslinje for tenesta. Aukande andel av dei fødane reiser tidlegare heim frå sjukehus. Dette medfører auka behov for fleire heimebesøk etter fødsel. Helsestasjonen i Masfjorden er no godkjent ammekyndig helsestasjon.

#### Miljøretta helsevern

Influensavaksinering til risikogrupper som før med vaksinedagar i dei ulike bygdelaga pluss vaksinering av personar på sjukeheimen.

#### Skulehelseteneste

Vaksinasjoner og kontrollar etter gjeldande statlege retningslinjer. Auka tilflytting frå både inn og utland aukar behovet for skulehelseteneste.

Tett oppfølging av barn med behov for det, dette er aukande.

#### Tverrfagleg samarbeid

- Samarbeider tett med andre i helsetenesta for å få rett hjelp til barn /unge tidlegast muleg.
- Småbarnstreff kvar månad saman med kommunefysioterapeuten.
- Deltaking i ansvarsgrupper, koordinator for enkeltbarn som har individuell plan. Følgjer desse barna til dei er 18-20 år gamle
- Helsesøster er MOT-koordinator og ein av MOT-informatørane og er med å gjennomføre ungdomskuleprogrammet til MOT etter oppsett plan.
- Fast samarbeid med barnevern og tett samarbeid i enkeltsaker.
- Tettare samarbeid med barnehagane i kommunen både på generelt plan og i enkeltsaker med faste møte.
- Fast samarbeid med PPT både i familiesaker og i oppfølging av barn med psykisk/ sosiale og lærevanskar.
- Deltek i undervisning med Zippys venner på ein skule i 1.-4. klasse.
- Samarbeider med BUP- Nordhordaland i oppfølging av tilviste barn/unge og kan konsultere BUP ved behov for rettleiing i enkeltsaker.

#### Reisevaksinering


Helsestasjonen gjev tilbod om rettleiing og vaksinering når innbyggjaranehar behov for det.

#### Jordmortenesta

Jordmor er tilsett i 20% stilling.

Ho er i Masfjorden 1 dag pr veke, kvar onsdag

Masfjorden sel jordmorteneste til Gulen kommune, dei gravide går til jordmor i Masfjorden.



Netto driftsutgifter pr innbyggjar i kr kommunehelsetenesta

### Fysioterapitenesta

Kommunefysioterapeuten har som sine viktigaste oppgåver:

- Gi barn/unge vaksne god habilitering og rehabilitering ved skade og sjukdom som treng kort eller langvarig oppfølging. Det er eit tett samarbeid mellom helsesøster og kommunefysioterapeut om barn som har behov for oppfølging.
- Ved behov for hjelpemidlar, er det kommunefysioterapeut som er kontaktperson og formidlar for barn og unge vaksne.
- Rehabilitering og behandle eldre som bor fast eller midlertidig på sjukeheimen etter å ha blitt utsett for skade eller sjukdom, samt personar som bur heime der transport er vanskeleg. Rehabilitering på korttidsopphald blir gitt til personar som treng eit løft i funksjon.
- Førebyggjande tiltak som blant anna frisklivsgrupper (fallførebyggjande og helsefremmande), småbarnstreff med helsesøster, informasjonsarbeid i barnehage og skule.

Det er særst viktig for kommunefysioterapeuten å jobbe tverrfagleg for dermed å sikre ein best mogeleg oppfølging og betring i funksjon for den einskilde som har behov for det.

**Fysioterapitenesta består og av privat praksis** med driftsavtale og driftstilskot frå kommunen. Driftsavtalen betyr at staten og kommunen betaler delar eller heile betalingsbeløpet for fysioterapibehandlinga til brukaren.

### Teneste for psykisk helse

Teneste for psykisk helse gjev tilbod til brukarar i alle aldersgrupper og deira næraste.

I denne tenesta har ein 140% stilling som psykiatrisk sjukepleiar. Frå august vart det tilsett psykolog i 100% stilling. Masfjorden sel ut 30% stilling til Gulen og Modalen kommune slik at Masfjorden sjølv disponerer 70% psykologstilling.

På heimesida til Masfjorden kommunen er det lagt ut informasjon om det kommunale psykiske helsetilbodet; kva me gjer og korleis komme i kontakt med oss. Det er understreka at dette skal vere eit lågterskel, gratis tilbod. Her er også eit skjema ein



kan nytte dersom ein ønskjer å sende skriftleg førespurnad.

### Brukarane

Brukarane har ulike problemstillingar som t.d. tung psykiatri, lettare psykiske lidingar, rus, familiekonfliktar med meir. Tenesta arbeider med langtidsbehandling og akutt behandling av både nye og gamle brukarar.

Det er klart flest vaksne som sjølv kontaktar eller vert sett i kontakt med psykisk helseteneste. Elles deltek ein i rettleiingsgruppe av personell som jobbar med brukarar som bur i kommunale bustader.

No som kommunen har bestemt seg for å ta i mot flyktningar, har ein landa på at psykisk helseteneste får ansvar for å kartlegge psykisk helse gjennom samtale. Ein nyttar då skjema kor ein etterspør førekomst og omfang av traumatiske erfaringar og skjema for registrering av symptom på psykiske vanskar. Her er det også viktig å ha eit godt samarbeid med flyktningkonsulent, vaksenopplæringa og hjelpeapparatet elles.

### Brukarmedverknad

Sjølv om brukarmedverknad er noko som naturleg vert ein del av samarbeidet kring behandling, ansvarsgruppemøter, IP- arbeid osv er det eit mål å verta endå meir medviten at brukarmedverknaden er ivareteken på ein etisk forsvarleg og fagleg forankra måte. Psykisk helseteneste har såleis bestemt seg for å nytte særskildt utvikla verkty til dette. Ein har kjøpt inn litteratur og DVD om ein metode kalla KOR ( klient – og resultatstyrt praksis) og vil gjennomgå kursing i bruk av denne metoden for samhandling.

### Tverrfagleg arbeid

Representantar frå psykisk helseteneste deltek jamleg på tverrfaglege samarbeidsmøter med barnevern, PPT, helsesøster, BUP,

VOP , kriseteam osv. Me deltek også i kommunalt planarbeid.

### Økonomi

Sidan ein i september 2015 flytta inn i nye lokaler på Hosteland, måtte ein investere i kontormøblar og møblar til samtalerom samt litt anna utstyr. Ein har også kjøpt inn litt møblement til eit kontor på kommunehuset som vert nytta til samtalerom. Også andre har høve til å nytte dette rommet.

Kommunebil. Denne er flittig i bruk då ein prøver å nytte den mest mogeleg i arbeidstida. Psykolog bruker denne når ho jobbar i dei andre kommunane også. Reiserekning vert då sendt dit. I haust vart det også kjøpt inn ein større buss med tanke på å kunne reise med grupper på tur, skyss brukarar til Einekavane og liknande . Den har vore i bruk i samband med handleturar og anna for flyktningane i etableringsfasen.

## Hjelpemiddeltenesta

I nært samarbeid med NAV Hjelpemiddelformidling prøver ein å bedra funksjonsevna til brukarar som har fått denne svekka av sjukdom eller skade. Hjelpemiddelformidlaren samarbeider nært med kommunal fysioterapeut om søknader for hjelpemiddel og tilpassing av desse.

## Legetenesta

Legetenesta utfører allmenntedisinske tenester.

I hovudsak er dette avtalte konsultasjonar på dagtid , men legekantoret har også legevakt i kommunen på dagtid kvardagar. Masfjorden kommune er knytt til Nordhordland legevakt i Knarvik for legevakt på kveld, natt og helg.

Legane deltek i tverrfagleg samarbeid med andre tenester i kommunen, og har også ansvar for legetenesta ved Masfjorden sjukeheim.

## Galleri venterommet



På venterommet til helsetunet på Hosteland kunne vi mellom anna sjå bilete av eit knippe meir eller mindre formelt kledde ordførarar frå Masfjorden.

Portretta av ordførarane, saman med portrett av andre folk med ei eller anna tilknytning til Masfjorden, er tekne av fotograf Arne Årseth som ein del av eit større prosjekt. I meir enn tretti år har Arne fotografert menneske i og frå distriktet vårt. Som ei markering av trettiårsjubileet for Studio Nordhordland, har han samla ein del av portretta han har teke gjennom åra, i ei flott biletbok.

Ei av dei som er portrettert i boka og som har kunna sjå att portrettet sitt på veggen i Galleri venterommet, er Ragna Vabø. For henne var det svært spesielt å sjå biletet av seg sjølv. "Hadde eg ikkje fått den gode hjelpa eg har fått akkurat her, ville neppe korkje eg eller dette portrettet vore her i dag," fortel ho.



## Pleie og omsorg

### Mål:

- Følgje opp handlingsplan for helse, omsorg og sosial 2015 - 2018
- Utvikle og vidareføre dagtilbod til seniorar, eldre og demente
- Utarbeide og følgje opp kompetanseplan
- God rekruttering gjennom satsing på lærlingar

### Handlingsplan 2015.

Kommunedelplan med handlingsplan for helse, omsorg og sosial vart godkjent i kommunestyret 11.12.14. Målet har vore å bruke handlingsplanen som eit styringsverktøy for kva pleie og omsorg skal prioritere og arbeide med frå 2015 og dei neste åra.

### Organisasjon og leiarstruktur

Pleie og omsorg har gjennomført ei omorganisering i 2015. Helga I Ellingsen er leiar for helse, omsorg og sosial. Leiar er nærmaste overordna for blant anna fagleiarane på sjukeheimen og Svingen avlastning. Elin Eikemo er nærmaste overordna for fagleiarane i heimetenestene.

**Hovudmålet med omorganisering er å sikre samarbeid, utvikling og rett fordeling av ressursar i heile pleie og omsorg. Fokuset har vore å støtte opp under brukarane sine behov for heilskaplege tenester, og samstundes sikre effektiv bruk av tilgjengelege ressursar.**

### Dagleg drift i avdelingane

Det er tilsett fagleiar i alle avdelingane, med ansvar for dagleg drift i forhold til tenesteutøving, økonomi og personale. Med dette vil ein sikre nærleik til brukarar og tilsette, delta aktivt i tenesteutøving og ha fokus på kvalitet på tenestene.

### Forvaltning

I 2015 vart det etablert ei forvaltningsteneste med kontor på kommunehuset. Alle søknader på pleie- og omsorgstenester vert sakshandsama her i samråd med fagleiarane og tiltaksrådet. Gjennom denne organiseringa har ein klart å sikre kompetanse og kvalitet på sakshandsaming, slik at ein fyl opp krav i lov og forskrift på ein forsvarleg måte. Eit anna viktig prinsipp er at ein i større grad klarar å ivareta likebehandling i kommunen, og sikre heilskaplege tenester.

### Metode for tverrfagleg samarbeid

Pleie og omsorg har etablert faste fagleiarmøte 1 gong pr.månad. Dette for nå dei mål ein har sett i kommunedelplanen, og sikre felles utvikling.

Tiltaksrådet består av fagleiarar frå sjukeheimen, heimetenestene, forvaltning, leiar helse og omsorg og tilsynslege på sjukeheimen. Andre fagpersonar er med ved behov. Dette rådet har faste møter 1 gong pr. månad, for tverrfagleg handsaming av søknader og vurdering av tiltak.

### Nye omsorgsbustader

I 2015 vart det gjennomført eit arbeid for å kartlegge, vurdere

behov og plassering. Arbeidsgruppa var sett saman av teknisk sjef, ergoterapeut og leiar helse, omsorg og sosial. I desember 2015 vart det vedteke å bygge nye omsorgsbustader med heildøgns teneste, med inntil 10 bueiningar på Hosteland.

### Velferdsteknologi

I 2015 har kommunen delteke i informasjonsmøte om velferdsteknologi i regi av nasjonale prosjekt. Kommunen vil følgje opp dette ved å få installert velferdsteknologiske løysingar i nye bygg, eksisterande omsorgsbustader og tilby løysingar i heimen innan 2020.

### Mål vidare frå 2016 – 2020

Skal kommunen klare å ta i bruk velferdsteknologi, må det setjast av midlar i økonomiplan- og investeringsbudsjett. Velferdsteknologiske løysingar vert heilt naudsynt for at brukarar skal kunne klare seg sjølvstendig lengst mogeleg heime. Dette vil auke tryggleiken i heimen, førebygge og utsette institusjonsopphald og dermed redusere press på institusjonsplassar.

### Dag- og aktivitetstilbod i pleie- og omsorg

Kommunen har etablert eit variert tilbod tilpassa brukarane sine individuelle behov. Tilboda finn ein på sjukeheimen, i heimetenestene, Einekavane AS, møteplassar for seniorar i samarbeid med frivillige og privat tilbod gjennom «Inn på tunet».


**Sjukeheimen:** I 2015 er det 16 heimebuande som har hatt dagtilbod i tillegg til bebuarar på sjukeheimen.

Når det gjeld dagtilbod for demente, har ein siste åra hatt fokus på å legge til rette for eit individuelt tilbod. Tilbodet vert lovpålagt frå 2020.

Transport til og frå dei ulike dag- og aktivitetstilboda er ei utfordring. I 2015 var det organisert ei transportordning for brukarane i alle delar av kommunen.

**I heimetenestene:** Prosjektet møteplassar for seniorar vart avslutta i løpet av 2015. Tilbodet er vidareført gjennom helselaga. Dette er eit viktig supplement og tilbod til tenestene ute i alle delar av kommunen.

**Einekavane AS:** Svingen bu-avlastning har aktivitetstilbod 3 dagar i veka her. Heimetenesta i Indrefjorden har dagtilbod kvar torsdag for enkelte brukarar.



Netto driftsutgifter pr innb. i kr pleie- og omsorgstenesta



«**Inn på tunet**»: I 2015 har Masfjorden kommune samarbeidd om tenestetilbod på garden Litle Sleire 9.2. Dette tilbodet er lagt til rette for brukarar, med garden som ressurs.

Det skal arbeidast vidare med å vidareutvikle eit variert og differensiert tilbod i tråd med nasjonale føringar.

### Kompetanseheving 2015

I 2015 vart det utarbeidd strategisk kompetanseplan med handlingsplan i kommunen. I 2015 vart følgjande gjennomført:

- **Leiarutvikling:** Leiarane i Pleie- og omsorg deltek i eit leiarutviklingsprogram som går over 2 år. Dette starta opp i 2015.
- **HMT:** I 2015 har alle nye fagleiarar gjennomført HMT opplæring for leiarar. Det er gjennomført arbeidsplassvurdering og ergonomikurs for tilsette på sjukeheimen hausten 2015. Mål er at dette også skal gjennomførast for heimetenestene i 2016
- **Lindrande behandling:** Hausten 2015 vart det starta opp eit fagleg utviklingsprosjekt i lindrande behandling, «livets siste dagar». Kommunen har søkt og fått midlar til dette prosjektet. Ressurssjukepleiar i lindrande behandling koordinerer dette arbeidet. Det er gjennomført internundervisning for alle tilsette. I tillegg har 11 sjukepleiarar frå sjukeheimen, og Heimetenesta Nord hospitert ved Sunniva hospits og ved lindrande avdeling på Askøy. I 2016 skal dette prosjektet vidareførast med refleksjonsgrupper for alle tilsette i pleie og omsorg, og innføring av nye rutinar.

2 sjukepleiarar i Heimetenestene Sør går siste året på vidareutdanning i lindrande behandling.

- **Vernepleie:** I løpet av 2015 har ein fått rekruttert 1 tilsett under deltidsutdanning innan dette fagområdet.
- **Lærlingar:** 2 lærlingar tok fagbrev som helsefagarbeidarar dette året. 3 lærlingar er i tillegg under utdanning. I 2015 fekk ikkje kommunen lærling til kokkefaget på sjukeheimen.

## Masfjorden sjukeheim

Masfjorden sjukeheim er delt inn i 4 avdelingar, med kvar sin fagleiar.

### Overordna

**Å vere ein fem-stjernes sjukeheim er eit grunnleggjande utgangspunkt i vårt arbeid.**

**Å ivareta heile mennesket ved å gje god medisinsk behandling og meningsfylte kvardagar. Me ynskjer å yte gode individuelle tenester og service til både bebuarar og pårørende. Det skal vere ein god arbeidsplass for tilsette med eit godt arbeidsmiljø og godt samarbeid.**

Sjukeheimen har vore del av ei omorganisering i pleie og omsorg.

Dette var fokus fyrste del av 2015. Då vart Heimetenesta Nord skilt ut som eiga avdelinga frå omsorgsavdelinga. Kjøkken, vaskeri og reinhald vart i 2015 delt i to avdelingar.

### Felles aktivitetar på sjukeheimen i 2015

I august vart det arrangert tur med båten Oster. Bebuarar og personale frå sjukeheimen og heimetenestene hadde ein flott tur frå Duesund til Fensfjorden og tilbake att. I strålende ver, og med god mat i sekken, vart det god stemning med motordur og fuglekvit-ter i naturskjønne omgjevnader. Turen var ei stjernestund for alle som var med, som skapte felles minne og felles glede.



Elles har me gjennom hausten/vinteren hatt tacokveld, julebord, julekonsert, basar, kulturelle innslag gjennom den kulturelle spaserstokken m.m. Slike arrangement er med på å gje stjernestunder, og eit avbrekk i kvardagen.

### Dagtilbod

Dagtilbodet ved sjukeheimen er godt etablert og gjev tilbod 5 dagar i veka. Tilbodet er for bebuarar ved sjukeheimen og heimebuande eldre i kommunen. Dagtilbod er eit viktig tilbod, som er med å gje innhald i kvardagen og medverkar til at eldre kan klare seg lengre heime.

På Fellesstova er det ulike aktivitetar gjennom året: Basar, julekonsert, andakt, kafé, sal av klede og sko. Det vert produsert mykje flott handarbeid som vert selt til jul og lodda ut på basaren. Pengane som ein får inn, vert nytta til nytt materiale slik at produksjonen kan oppretthaldast.

Hausten 2015 fekk me også 2 Motiview-syklar frå helselaga. Eine er plassert på Nystova og den andre på omsorgsavdeling. Desse har vore svært populære blant bebuarane, men også for dei som nyttar dag-tilbod ved sjukeheimen. Her kan alle ta ein sykkeltur til lokale filmar eller kun nyte film frå kjende trakter. Syklane har vorte eit samlingspunkt på sjukeheimen.



Det er laga tre lokale filmar frå; Andvik, Solheim og Sleire/ Frøyset. I 2016 skal det lagast tre nye filmar frå kommunen. **Pleie og omsorg vil takke helselaga for bidraga, slik at kommunen kunne kjøpe inn desse syklane.**

## Omsorgsavdelinga

Omsorgsavdelinga har ansvar for langtids – og korttidsopphald på sjukeheimen. Avdelinga har ansvar for 20 rom, der 2 av desse er utan bad. Tal på pasientar kan variere viss det er stor pågang på institusjonsplassar. I 2015 har det vore fullt belegg på sjukeheimen, og ein har i tillegg nytta alternative rom og dobbeltrom. For korttids plassar er det etter forskrift lov å bruke dobbeltrom.

Avdelinga har eit stort spenn i pasientgruppene frå psykiatri, demens, rehabilitering, kreft, omsorg ved livets slutt og medisinske sjukdommar. Etter samhandlingsreforma vart etablert, har presset på korttids plassar etter sjukehusopphald auka. I løpet av 2015 har 9 nye personar fått langtidsopphald, avdelinga har hatt 44 korttidsopphald, og det har vore 11 dødsfall. 16 personar har hatt dagopphald ved sjukeheimen.

### Personalstatus

Det er 27 tilsette i ulike stillingsstorleikar, som til saman utgjer 17,6 årsverk. Avdelinga har 7 sjukepleiarar, 11 fagarbeidarar, 8 assistentar og 1 lærling. Den eldste som arbeider her er 62 år medan den yngste er 19 år. I eit kvinnedominert yrke er me heldige og har 3 menn i faste stillingar. I tillegg har avdelinga personalansvar for 2 merkantile og 2 som jobbar på arbeidsstova.

Avdelinga har hatt stabile og gode vikarar, men 2015 har vore utfordrande med høgt sjukmeldingsfråvær i tillegg til høgt pasientbelegg.

### Økonomi

Fram til 1 april 2015 hadde Heimetenesta Nord og omsorgsavdelinga felles bemanning og budsjett. Det har vore ei utfordring å dele budsjett korrekt, fordi ferievikar har vore til dels felles. For omsorgsavdelinga går budsjettet samla sett i balanse. Det har vore eit overforbruk på fastlønn, sjukevikar og overtid.

## Nystova

Nystova er ei skjerma avdeling som gjev døgntilbod til personar med demenssjukdom. Avdelinga har 9 einarom. I 2015 fekk personalet på Nystova også ansvar for korttidsavdelinga. Fagleiar på Nystova har i tillegg ansvar for nattevakter på sjukeheimen og Svingen avlastning, og budsjettansvar for bakvakt.

På Nystova legg ein vekt på å skape ei atmosfære som gjev tryggleik og mestring. Avdelinga har ein flott sansehage som vert mykje nytta til aktivitet og glede. Avdelinga legg stor vekt på å bruke song og musikk i samspel med brukarane.

### Personalstatus

Avdelinga disponerer 10.6 årsverk på dag og kveld. Dette er fordelt på 4 sjukepleiarar, 8 helsefagarbeidarar, 5 assistentar i ulike stillingsstorleikar. Gjennomsnittsalderen er 45,8 år.

På natt disponerer avdelinga 5,62 årsverk. Dette er fordelt på 3 sjukepleiarar, 4 helsefagarbeidarar, 3 assistentar i ulike stillingsstorleik. Gjennomsnittsalderen er 40 år.

Sjukefråværet har vore høgt heile året. I periodar har avdelinga gått med helgebemanning i vekedagane. Det har vore utfordrande å ha nok tilgang på vikarar, spesielt vikarar med helsefagleg kompetanse. Fråværet har i stor grad vore langtidsfråvære. Dette var redusert på slutten av året.





**Økonomi**

Nystova har ansvar for budsjett for bakvakt, nattevakter, og dag/kveldsvakter. På grunn av høgt sjukefråvære er det eit overforbruk på vikarløn og overtid. Avdelinga går i balanse med bruk av tilskotsmidlar.

Nattevaktene sitt budsjett må sjåast i samheng med budsjettet til Svingen avlastning. Det er eit overforbruk på natt, noko som skal kompensert frå tilskot til ressurskrevjande brukarar.

Bakvakt budsjettet har gått i underskot i 2015. Bakvakta har vore meir brukt pga. sjukmelding blant sjukepleiarar på sjukeheimen. I tillegg vart det oppretta bakvakt på Sørsida hausten 2015, som ikkje var lagt inn i budsjettet.

## Vaskeri og reinhald, bygg og anlegg ved Masfjorden Sjukeheim

**Personalstatus**

I 2015 har vaskeri, reinhald, bygg og anlegg ved sjukeheimen vore ei avdeling. Vaskeri og reinhald har hatt eit årsverk på 2,9 fordelt på 5 personar, i tillegg har me 1,1 årsverk fordelt på 2 vaktmeistarar.

Avdelinga har hatt utfordring med sjukefråvær. I starten av året var det vanskeleg å skaffe vikarar på reinhald, men siste halvdel av 2015 har avdelinga hatt tilgang på gode og stabile vikarar.

**Oppgåveløysing**

På vaskeriet utfører me vask og handtering av tøy til bebuarane, dukar og gardiner til huset. Avdelinga vaskar også arbeidskleda til personalet på sjukeheimen, heimetenestene og legekantoret. Me har arbeida med å nå krav frå «Norske Vaskeriers Kvalitetsforbund», gjennom utskifting av utstyr.

**Økonomi**

I 2015 har det vore gjennomført ombygging av kontor, innkjøp av nye vaskemaskiner, komfyr til kjøkken og diverse utstyr. Dette har medført større utgifter på bygg og anlegg.

## Kjøkken

**Personalstatus**

Avdelinga har 2,3 årsverk til disposisjon. Dette er fordelt på 4 personar, der 180 % stilling er kokk, og 40% stilling er assistent. Linda Solhaug Nordal har vore tilsett som kokkelærling fram til august. Me gratulerer Linda med fagbrev som kokk. Hausten 2015 er fyrste gong på lenge at avdelinga ikkje har fått rekruttert nye lærling. Dette er noko ein må arbeide med i 2016. Avdelinga har hatt utfordring med sjukefråvær i 2015.

**Oppgåveløysing**

Avdelinga produserer 70 – 80 middagar kvar dag. Halvparten blir pakka og levert ut av huset, til heimetenestene i kommunen, og til



Brekke og Dalsøyra bu og omsorgssenter.

På sjukeheimen leverar kjøkkenet middag og kaffimat på avdelingane. Frukost og kveldsmåltid blir laga til på kvar avdeling. På fellesarrangement som eldredag, kurs, julebord m.m. leverer kjøkkenet maten. Avdelinga lagar også lunsj som personalet kan få kjøpe kvar tysdag og torsdag.

**Økonomi**

I 2015 var første året kjøkkenet har hatt eige budsjett, etter at kjøkkenet og vaskeri/reinhald vart to økonomiske einingar. Difor kan det vere postar som er under eller over budsjettet, både på kjøkkenet og vaskeri/ reinhald.

## Heimetenestene

Heimetenestene yter tenester i heimen utifrå gjeldande vedtak og ei fortløpande vurdering av hjelpebehov. Heimetenestene har og ansvar for tryggleiksarmar og matombringning. I tillegg hjelper tenestene til med å skaffe og formidle hjelpemiddel for kortare og lengre tids bruk.

**Organisering**

Frå 01.04 vart heimetenesta inndelt i 3 avdelingar. Heimetenesta i Nordbygda vart skild ut frå omsorgsavdelinga, som ei sjølvstendig avdeling med eigne tilsette og budsjett. Heimetenesta i Indrefjorden og på Sørsida har lenge vore eigne avdelingar. Alle avdelingane fekk tilsett ny fagleiar med ansvar for dagleg drift. Hovudfokus dette året har vore å få etablert dei endringane omorganiseringa har medført for dei einskilde avdelingane.

### Hovudmål for heimetenesta

Brukarane meistarar å bu heime lengst mogleg og det er fagleg for-svarleg.

Brukarane opplever trivsel og har ein god kvardag.

For å oppnå dette, arbeider heimetenesta med å leggje til rette, slik at brukarane kan bu i sin eigen heim. Heimetenesta har eit klart fokus på å støtte opp under brukarane sin eigne ressursar, slik at brukarane meistarar daglege gjeremål lengst mogeleg sjølv. Heimetenesta hjelper til med gjeremål den einskilde brukar ikkje lenger meistarar på eigenhand.

Avdelingane har ansvar for tenesteyting til brukarar som høyrer til dei einskilde avdelingar. Tenestene vert tildelt utifrå søknader og behov meldt til forvaltningstenesta. I samband med omorganiseringa er strategien å sikre ei samla oversikt over tenestene og best mogeleg ressursfordeling.

Likebehandling i forhold til tildeling av tenester er noko ein jobbar med heile tida, samt lik utvikling og kvalitet av tenestene på tvers av avdelingane.

Oversyn over tenester og tal brukarar registrert i 2015:

Tenestetype:	Brukarar:
Praktisk bistand	68
Heimesjukepleie	95
Tryggleiksalarm	42
Matombringning frå sjukeheimen	37
Matombringning frå Einekavane AS	7

For å auka branntryggleiken hjå heimebuande brukarar fekk alle brukarar tilbod om røykalarm. Denne er knytt til same system som tryggleiksalarm. Ved brann går det alarm via tryggleiksalarmen direkte til 110, som melder frå til det lokale branntynet.

### Hjelpemiddel

Avdelingane samarbeider med hjelpemiddelansvarleg om å få skaffa nødvendige hjelpemiddel for kortare og lengre tids bruk. Kort liggetid på sjukehus, der brukarane skal rett heim etter opphald, gjer at hjelpemiddel må raskt på plass.

### Samhandlingssjukepleiar

I samband med omorganiseringa vart 40% av ein sjukepleiarstilling omgjort til samhandlingssjukepleiar. Denne ressursen arbeider på tvers av heimeteneste avdelingane. På denne måten har ein klart å fordele sjukepleiarkompetanse ved fråvær. I tillegg har ressursen vore nytta inn mot prosjekt i forhold til å få på plass like rutinar, praktiske løysingar eller oppfølging av einskilde brukarar ein periode.

### Utfordringar

Tidleg utskrivning frå sjukehus til heimen medfører ei utfordring i høve til rehabilitering. Me treng ha fokus vidare på treningstilbod for heimebuande for å førebyggje skade, vedlikehalde eller auka funksjonsnivået. Gode tilbod i heimetenestene med fokus på førebygging, kan bidra til auka livskvalitet og fleire gode år heime. Bemanninga i heimetenestene, med berre 1 tilsett på kveld og helg, kan bli sårbart i periodar med auka oppdrag og lange avstandar mellom brukarane. Alle avdelingane i heimetenestene har

i 2015 sett inn ekstra personell i periodar, fordi dei har hatt oppdrag som krev meir oppfølging.

### Transport

Heimetenestene disponerer 2 leasingbilar i kvar avdeling. Sjølv om ein organiserer arbeidsruter og kjører saman der ein kan, har ein ikkje nok bilar til alle arbeidsoppdrag. På sikt må ein arbeida for å få ein leasingbil til i kvar av dei 3 avdelingane.

I tillegg er det ein del transportbehov til dag- og aktivitetstilboda. Heimetenesta transporterar nokre brukarar. Tilsette ved arbeidsstova bidrog og til transport for enkelte brukarar. Elles har ein gjort avtale med drosjetransport på torsdagar i alle delar av kommunen. Dette har me kunne gjort i 2015 fordi kommunen har søkt og fått prosjektmidlar. Ein opplever at tilbodet er eit svært viktig førebyggjande tiltak for heimebuande. Dette for å skapa trivsel og innhald i kvardagen, og for at brukarane kan få bu lenger heime.

## Heimetenesta sør

### Personalstatus

Avdelinga har 5,3 årsverk til disposisjon. Dette er fordelt på 10 tilsette. 4 sjukepleiarar, 4 helsefagarbeidarar og 1 assistent, i ulike stillingsstorleikar. Gjennomsnittsalder i avdelinga i 2015 var 45 år.

I sommar starta avdelinga opp med eiga bakvakt på natt. For at brukarar i heimetenestene skal kunne bu heime er det viktig å gi tryggleik, som sikrar fagleg forsvarlege tenester. Heimetenestene sør har ikkje vore del av den ordinære bakvaktsordninga på grunn av utfordringar med ferje.

I haust har avdelinga hatt utfordringar med å organisere nok personale på vakt til ei kvar tid, grunna sjukdom, vidareutdanning og feriar. Det er mangel på ringevikarar ved heimetenesta.

Heimetenesta sør har saman med frivillige fortsett med seniortreff ein gong pr. måned. Dette er eit tilbod mange har stor glede av.

Avdelinga har ansvar for drift av 5 omsorgsbustader på Sandnes. Alle bustadane har vore utleigd i 2015.





**Økonomi**

Både drift av avdelinga og omsorgsbustadane gjekk med overskot, men avdelinga har eit overforbruk på vikarutgifter og overtid. Avdelinga har hatt to sjukepleiarar på vidareutdanning i lindrande behandling, noko som også har medført auka vikarbehov. Overskot på omsorgsbustadane har delvis grunn i at det ikkje er blitt brukt noko på vedlikehaldsarbeid på bustadane. Samstundes har alle 5 bustadane vore utleigd siste halvår.

**Heimetenesta nord**

Heimetenesta Nord vart skilt ut som eiga avdeling 1. april 2015. Det vart bygd 2 nye kontor på sjukeheimen i samband med at heimetenesta nord skulle få eige kontor. Kontoret vart ikkje ferdig før i oktober, og fram til då hadde avdelinga eit lite «kott» på sjukeheimen. Det nye kontoret er lyst og triveleg, men framleis for lite. Vi har t.d. ikkje lagerplass. Fokuset i 2015 har stort sett vore å få drifta på plass, både organisatorisk og praktisk.

**Personalstatus**

Avdelinga har 6,6 årsverk, fordelt på 10 tilsette. 5 sjukepleiar (309 %), tre helsefagarbeidarar (218 %) og to assistentar (134 %). 20 % av sjukepleiar-ressursen er knytt til ei stilling for ressursjukepleiar innan lindrande behandling som server heile kommunen. Ei helgestilling på 15 % er vakant.

Avdelinga har ansvar for 6 omsorgsbustader på Hosteland, og deler ansvar for 4 omsorgsbustader ved Svingen avlastning. Alle omsorgsbustadane har vore utleigd i 2015.

**Økonomi**

Fram til 1 april 2015 hadde Heimetenesta Nord og omsorgsavdelinga felles bemanning og budsjett. Det har vore ei utfordring å dele budsjett korrekt, fordi blant anna utgifter til sjuke- og feirevikar har vore til dels felles. Budsjett går i balanse, men det viser ei auke i kostnader knytt til transport og vikarbruk.

**Heimetenesta Indre****Personalstatus**

Avdelinga disponerer 6,2 årsverk fordelt på 9 tilsette. 3 sjukepleiarar (240%), 4 helsefagarbeidarar (328.87%), ein assistent

(50%) og 1 lærling i 100% stilling. 40% av sjukepleiarressursen er knytt til stilling som samhandlingssjukepleiar. Tysdag og torsdag vert denne ressursen nytta til ulike prosjekt, og som sjukepleiar i ulike avdelingar. Gjennomsnittsalderen i heimetenesta er høg, avdelinga har 2 personar som er over 60 år, og fleire som nærmar seg det. Dette vil påverke framtidig behov for rekruttering. Ikkje noko utfordring med sjukefråvær i år, gjennomsnitt i løpet av året har vore på 0,6 %. Tilgang på vikar er også bra.



Satsingsområde i år har vore

- Få etablert ny organisering i avdelinga
- Godt tverrfagleg samarbeid/samarbeid på tvers av tenestene
- Etablere tettare samarbeid med fysioterapitenesta

Den nye organiseringa har ikkje bydd på noko store utfordringar i avdelinga, men litt tilpassing vil det alltid vere. Samarbeid med andre avdelingar har vore bra. 2 av sjukepleiarane har i periodar vore utlånt til andre avdelingar.

Dagtilbod: Tysdag føremiddag driv heimetenesta eit dagtilbod på fellesstova på omsorgsbustadane på Matre. På dette dagtilbodet har me hatt mat, trim, song og lotteri. 2 brukarar har i tillegg nytta seg av dagtilbod kvar torsdag på Einekavane AS.

I samband med helselaget vart det i 2014 starta opp eit treff for seniorar kvar 14. dag på bua på butikken på Haugsvær. Heimetenesta har vore koordinator for dette fram til juni 2015, då prosjektet vart avslutta. Tilbodet er vidareført i regi av helselaga.

Avdelinga har ansvar for drift av 4 omsorgsbustader på Matre, og 5 omsorgsbustader på Haugsvær. Ved årets slutt var 8 bustader utleigd. 1 bustad er under oppussing.

**Økonomi**

Drift av omsorgsbustadane har gått med litt underskot, då to av omsorgsbustadane har stått tomme i nokre månader. Det har gått ein del ekstra ressursar i periodar på grunn av spesielle oppfølgingar i heimane, men budsjettet har gått for det meste i balanse.

## Svingen bu – og avlastningsteneste

I Svingen tilbyr kommunen avlastning og butilbod til barn og unge med særskilde behov og funksjonsnedsetningar. Me tilbyr heildøgns- og dagavlastning, medlevarordningar, dag/fritidstilbod og SFO tilbod. Avlastningsbustaden er bemanna 24 timar i døgnet heile veka.

Me har organisert eit felles dagtilbod for denne gruppa på Einekavane. Dette er eit samarbeid mellom Einekavane, kommunen, kulturskulen og avlastningstenesta. Her tilbyr me bassengøtker, musikkterapitimer og andre fellesaktivitetar for gruppa i eit tilrettelagt miljø på Matre. Elles får brukarane med tilrettelagte dagtilbod ein variert kvardag med arbeidspraksis i bedrifter i nærmiljøet, ADL-trening, dataopplæring, blogging, musikkopplæring, vaksenopplæring, fysisk aktivitet og sosial trening.

**Svingen bu – og avlastningstenesta har som mål å tilrettelegge og tilpasse miljøet og gje brukarar ein trygg, forutsigbar og meningsfylt kvardag.**

### Personale

Avdelinga har ca. 10 årsverk til disposisjon, fordelt på 17 tilsette i varierende stillingsprosentar. Av desse er 8 utdanna helsefagarbeidarar, 1 barne og ungdomsarbeidar, 1 fysioterapeut, 2 ergoterapeutar og 5 assistentar, der 3 er under utdanning til lærar, sjukepleiar, vernepleiar.

### Økonomi

Avdelinga har eit overforbruk på fastløn og vikarutgifter, fordi det i periodar er auka behov, sjukefråvær og andre uforutsette ting som oppstår.

Transportutgifter er ei stor økonomisk utfordring fordi ein må nytte drosje til transport til og frå aktivitetstilboda. I oktober/november vart det kjøpt inn ein bil som skal brukast til felles turar m.m. Utfordring for 2016 blir å organisere og utnytte denne bilen effektivt for alle avdelingane.

## Flyktingtenesta

Masfjorden kommune busette 12 flyktingar i 2015. I april 2015 tilsette flyktingkonsulent i 50% stilling. Flyktingtenesta er i 2015 administrert under helse, omsorg og sosial. For å koordinere og førebu mottak av flyktingar vart det sett saman ei tverfagleg arbeidsgruppe med personale frå skule, barnehage, helse, kultur, NAV og flyktingkonsulent.

Kommunen busette to familiar frå Syria på Matre i september månad. Kommunen har og oppretta tilbod om introduksjonsprogram for dei vaksne, slik at dei får lovpålagt tilbod om fulltids opplæring i norsk, samfunnsfag og arbeidsretta tiltak. Det er tilsett lærar i 100% stilling ved dette tilbodet som har ansvar for norskopplæringa på Matre for dei vaksne flyktingane. Både born og vaksne var i gong med skule i løpet september og oktober månad.

For å førebu både tilsette og lokalsamfunnet arrangerte kom-

munen kurs og informasjonsmøte før flyktingane kom.

- Informasjonsmøte om busetjing av flyktingar i Masfjorden. Innlegg frå Helga Ellingsen (Helse- og omsorgsleiar, Kristoffer Grindheim (Flyktingkonsulent) og MIKS: Ressurscenter for integrering og samhandling.
- Tolkebrukarkurs av Hero Tolk.
- Seminar om kultur- og landinformasjon frå Syria. Seminaret blei haldt av International Organization for Migration.
- Informasjonsmøte i skule og barnehage frå flyktingkonsulent.

Lokalbefolkninga og frivillige på Matre har tatt veldig godt i mot dei nye familiene. Det har vore samla inn klede og leikar etter behov. Idrettslag, helselag og lokalsamfunnet har vore flinke til å inkludere dei nye familiene i aktivitetar og ting som skjer i Matre og Masfjorden. I november vart det arrangert ein kulturfest på Matre av frivillige i samarbeid med kommunen. Her blei det servert matrettar frå ulike kulturar som er representert på Matre. Dette vart ein veldig positiv kveld og ein god moglegheit til bli betre kjent med kvarandre.

For å få til ei vellykka integrering i Masfjorden er vi svært avhengig av at heile kommunen og lokalsamfunnet er med å bidra. I den samanheng ynskjer me å takke alle som har vore med å skape ei god integrering i Masfjorden i 2015, og håpar engasjementet vil fortsette i åra som kjem. Me vil takka alle dei frivillige som har bidratt, blant anna Charlotte Dyrkolbotn Brown, Mary Kvamsdal, Arne Berg, idrettslaget på Matre, 4H, helselaget på Matre og alle andre som bidrar.


### Økonomi

Kommunen får statstilskot for å kunne gje lovpålagte tenester som introduksjonsprogram og ivareta ekstra utgifter ved busetting og integrering. Dette tilskotet dekkjer blant anna utgifter til lærarstilling og flyktingkonsulent.

### Utfordring for 2016

I 2016 skal kommunen busette 19 flyktingar. Vi håpar det gode samarbeidet mellom kommunen, frivillige og arbeidsplassar vil fortsette i 2016 og ser fram til eit positivt år. Dette vil krevje både planlegging og oppfølging og ikkje minst vil det vere viktig med eit godt samspel mellom kommunen og frivillige lag og organisasjonar, lokalsamfunn og enkelt personar.

## Kyrkja





## Kulturområdet

Kulturområdet ligg under rådgjevar for oppvekst og kultur, som frå 1.7.2015 har tittelen oppvekstleiar. På grunn av sjukmelding har kulturskulerektor stått for mykje av det administrative arbeidet delar av året.

Det blei i 2015 betalt ut kr 180 000 i ordinære kulturmidlar til lag og organisasjonar. Kommunen har elles ytt særskilte tilskot til fleire større og mindre tiltak på kulturområdet gjennom året.

Kommunen var aktivt med i drifta av Bjørn West-museet. Birger Wergeland er kommunen sin representant i styret for museet, Anders Vågseth var vara fram til 10. desember, då valde kommunestyret Hildegunn Bjånes som ny vara.



Musea i Nothuset og Fargeriet på Sandnes hadde ope laurdag og søndag frå 23. juni til 19. august. I denne tida var det òg fleire konsertar og utstillingar i museumslokala. Også i Ullveka i oktober var det utstilling og konsert i Fargeriet. Pga mindre løyvingar på kulturbudsjettet, måtte ein innskrenka opningstidene i desse musea.

Skulemuseet på Sleire var ope to gonger i løpet av sommaren. Bjørn West-museet har eigne opningstider.



Det vart ikkje arrangert Kraftspel i 2014. Kommunen ytte støtte til tre kulturtiltak på den tida me skulle hatt kraftspel: Stordalen fjellfestival, Spleis si oppsetjing i Solheim kyrkje og Sleirsfjellet opp. Dette året fekk me diverre ikkje til nokon konsert i Frøyset kyrkje i samband med motbakkøløpet.



Søndag 23. august sytte kommunen som vanleg for kulturinnslag ved innkkomsten på Bjørn West-marsjen.

I desember skreiv kommunen og Museum Vest under på ein avtale om konsolidering. Det vil seia at Bjørn West-museet frå 1.1. 2016 skal vera ein del av Museum Vest. Bjørn West-museet får då tilgang til den faglege kompetansen som Museum Vest som eit profesjonelt museum har. Masfjorden kommune skal framleis stilla med årlege løyvingar til museet og skal ha ein representant i styret.



Kulturprisen 2015 gjekk til Tove Kristin og Vidar Sleire Tistel, særleg for arbeidet med Sleirsfjellet Opp, «Inn på tunet» og for å vera gode modellar og inspiratorar i nærmiljøet. Prisen vart utdelt under «Sleirsfjellet Opp».

Ungdommens kulturmønstring vart også i 2015 avvikla i lag med dei andre kommunane i Nordhordland.

## Kulturskulen

### « Kulturskulen skal stimulera til fagleg og personleg utvikling for elevane »

2015 har vore eit godt og stabilt arbeidsår for kulturskulen. Erfaringane er eintydige: Lukkast ein med å ha dyktige, kreative, motiverte og stabile lærekrefter går mykje av det andre også på skinner, og ein får i samarbeid med elevar, heim og lokalmiljø til det me alle ønskjer: Kjekke, meningsfylte, trygge og utviklande fritidstilbod.

17 lærarar i små stillingar underviser i vår vesle kulturskule. For me er små, og kan ikkje tilby den same breidda i kurstilbod som det større kulturskular kan. Men me ønskjer så godt som råd å sikra at dei tilboda som vert gjevne har kvalitet og stabilitet. Å oppleve glade, dyktige, trygge, stolte og skapande elevar fortel oss at kulturskulen er ein god arena for personleg og fagleg utvikling.



Det er framleis viktig å sikra at kulturskulen har kompetente og motiverte lærekrefter, og at me er såpass robuste at me tåler dei utfordringane som møter oss utan at brukarane vert skadelidande.

### «Kulturskulen skal nå mange»

Elevtalet i kulturskulen er stabilt, med ein liten auke frå i fjor. Dei 140 elevplassane gir opplæring innan song, spel, samspel og biletskaping. I tillegg deltek 20 elevar på teatersportkurset som går over fire helgesamlingar skuleåret 2015-16. Elevane får tilbod om studioinnspeling. Det har blitt halde dansekurs i barnehagar og i samband med oppsetjing av musikalen Hairspray på Matre skule. Undervisning er lagt til ettermiddag og kveld. Kurspengar er 2100 pr. år. Dette er framleis godt under landsgjennomsnittet, og truleg ei medverkande årsak til stor oppslutning. Det vert gjeve søskenmoderasjon. Kulturskulen gir også undervisning til nokre vaksne elevar.

### «Kulturskulen skal vera godt synleg og delaktig i lokalt kulturarbeid»

I 2015 var kulturskulen og kulturskuleelevar delaktige i nærare 100 tiltak/arrangement. Dette seier noko om omfanget av aktiviteten til kulturskulen utover ordinær undervisning, og kor aktivt elevane deltek i lokalt kulturarbeid. Oppdatert aktivitetsplan til kulturskulen er til ei kvar tid tilgjengeleg på heimesida.

Kulturskuleveka i februar og skulekonsertane i november er gode og godt innarbeidde fellesmål for elevane, og ein god møteplass for elevar, lærarar, foreldre og andre.

Sommarkonsertane vart i år gjennomført som mindre konsertar i kvar skulekrins i tillegg til at elevar sto for fine konsertavdelingar på StordalenFjellFestival og Sleirsfjellet opp.

Studioinnspelingane har halde fram, og i november lanserte kulturskulen si tredje cd-utgjeving, «TRE», med storlått sleppefest i eit fellesarrangement med MOT. Cd-en er eit imponerande produkt med høg musikalsk kvalitet. Det er planar om å gje ut ein jule-cd hausten 2016. Her ønskjer ein også bidrag frå kor, korps og andre musikk-krefter i kommunen.

Det gode samarbeidet med MOT viste og igjen i den fantastiske flotte konserten som var i samband med at MOT-turneen gjesta Masfjorden i april. For eit show!

I desember vart det halde julekonsertar i dei tre kyrkjene og på sjukeheimen med mange flotte framføringar. Konsertane er eit samarbeid mellom alle song- og musikkreftene i kommunen.

Elevar frå kulturskulen deltok på UKM si lokalmønstringa i UKM på Fedje i februar. Silje Kvamme Andersen og Jørgen Einestrånd representerte Masfjorden kommune på UKM si fylkesmønstring på Verftet i april.

Silje Kvamme Andersen vart også nominert som Masfjorden sin kandidat til Draumestipendet, men nådde ikkje opp i kampen om dei 100 stipenda som vert delt ut på landsbasis.

Mange av korpsmusikantane deltok i Hordablæsten i mars og på Mangerfestivalen i november, med flotte prestasjonar og gode resultat.

### Kulturskulen skal samarbeida om tiltak med skule, barnehage, bibliotek og lagsliv»

For kommunen er det viktig at innbyggjarane får meningsfull aktivitet og gode opplevingar gjennom kulturtilboda. For kulturskulen er samarbeid med andre aktørar nøkkelen til at ein kan nå desse måla.







Kulturskolen sel dirigent- og instruktørtjenester til skulekorpsa og amatørkorps/kor, ein samarbeider om aspirantopplæringa til skulekorpsa og ein prøver å vera ein god medspelar til andre kulturaktørar og institusjonar gjennom samarbeid om konsertar og andre arrangement.

Kulturskule, grunnskule, barnehagar og MOT samarbeider framleis om dansetilbod. Det er gledeleg at helselaga i kommunen skaffar midlar, ma gjennom Midtunheimfondet, for å gje danseopplæring til barn og unge i Masfjorden. På oppdrag frå helselaga forvaltar kulturskolen desse midlane og organiserer moglege tiltak med samarbeidspartane.

Grunnskulen og MOT er dessutan svært viktige samarbeidspartar i ymse arrangement i den eine eller andre sin regi.

Samarbeid med bibliotek, seniorsamlingar og eldrekafe på sjukeheimen er godt innarbeidde tiltak, og elevar frå kulturskolen still-

er med underholdning til stor glede for alle som deltek. Samarbeidet med Einekavane om musikktilbod for ungdommar med behov for tilrettelegging er og eit flott tiltak som no er vel etablert.

Kulturskolen administrerer Den kulturelle spaserstokken, ei støt-teordning for kulturtilbod for eldre. Her vert statlege midlar tildelt etter søknad.

På kulturskolen si heimeside vert det informert om små og store hendingar i kulturskulekvardagen, og sida gir såleis eit visst inntrykk av alt det som rører seg på kulturskulefronten.



## Idrettsskolen

Idrettsskolen heldt fram på alle skulane i 2015 med tilbod for elevane frå 2. til 7. klasse våren 2015. Elevane er i delte i to grupper, i utgangspunktet ei for 2.-4 og ei for 5.-7. Kvar gruppe har idrett og fysisk aktivitet 1,5 t pr. veke. Men pga arbeidssituasjonen og vanskar med å skaffa vikarar, vart det eit tilbod me ikkje var fornøgde med.

Etter sommaren vart det tilsett ei ny idrettsskuleinstruktør, som har idrettsfagleg utdanning. Vedkomande har også det administrative ansvaret for idrettsskolen.

Dette har gitt eit stabilt tilbod gjennom hausten på alle skulane, der elevane har blitt introdusert for og fått praktisert så forskjellige idrettar som mellom anna turn, amerikansk fotball, friidrett og basketball.

Det er gjennomført ein fellesdag på hausten, med øving og femkamp i Leikvanghallen i Åsane. I godt samarbeid med, og med avgjerande hjelp frå det lokale idrettslaget Norna-Salhus som stilte med instruktørar og tidtakarar, deltok heile 33 elevar på fellesdagen. Transport er ordna ved hjelp av føresette, som har vore svært imøtekommande.

Deltakartalet er elles stabilt på Sandnes, har gått noko ned på Matre i høve til mellomtrinnet, men har tatt seg kraftig opp for begge grupper på Nordbygda.

Hausten vore svært god for idrettsskolen og tilbodet begynner no å få den forma som er ønska. Det er laga årsplan for aktiviteten i idrettsskolen.

Ved årsskiftet hadde me følgjande deltakartal, skuleåret 2014-15 står i parentes:

Skule	2.- 4. klasse	Prosent av elevane	5. - 7. klasse	Prosent av elevane
Matre	10 (8)	58 %	6 (13)	54 %
Nordbygda	17 (13)	52 %	12 (5)	52 %
Sandnes	9 (11)	75 %	10 (9)	91 %

## Folkebiblioteket

**Biblioteket skal driva aktiv formidling ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon. Det skal leggjast vekt på kvalitet og aktuell og ny litteratur.**

### Innkjøp og utlån

I 2015 har det vore ein tilvekst i dei tre biblioteka på meir enn 1400 bøker, 150 filmar og ein del lydbøker der ca 60 % er for barn og unge og resten er vaksenlitteratur. 36 % av bøkene får vi gjennom kulturfondet. Biblioteket får og ein del tidsskrift gjennom kulturfondet. Desse er fordelte rundt om i dei tre biblioteka. Elles vert det så langt råd er òg kjøpt inn litteratur som lånarar spør etter. Gledelig er det at utlånet har auka med over 1 200 frå året før. Nesten 11 800 utlån er registrert totalt for skule- og folkebiblioteka i 2015. Berre 32 utlån er e-bøker. Barn og unge er den største lånegruppa og står for om lag 7000 av låna. Reknar ein 1700 innbyggjarar i kommunen, er utlånet 6,5 utlån pr. masfjording. Dessverre går utlånet av ungdomsbøker ned.

### Sommarbibliotek

For å avvikla ferie er alle tre biblioteka stengde i juli. Både for å ha eit lite tilbod i ferien og for å markera friluftslivets år, vart det gjort eit forsøk med sommarbibliotek. Det vart sett ut bokkassar, ein med barnebøker og ein med bøker for vaksne i gapahuken på Matre og i Botnneset på Sandnes. I tillegg vart det laga ein sommarkonkurranse med litteraturrebusar for heile familien. Dessverre var det liten respons på konkurransen. Det vart ikkje lett å måla kor stort utlånet var, sjølv om lånarane vart oppmoda om å skriva dato for lån og innlevering. Men det har kome tilbakemeldingar på at det var eit positivt tiltak.

**Barn og unge i Masfjorden skal bli gode lesarar og denne gruppa skal vera ei prioritert gruppe for Masfjorden folkebibliotek.**

### Bok til nyfødde og lesestund for barnehageborn

Tiltaket med å gje ei bok i gåve til alle nyfødde i kommunen har vorte vidareført. Biblioteksjefen har kome på småbarnstreffet og delt ut boka samstundes som det har vorte snakka om kvifor høgtlesing er viktig heilt frå borna er ganske små. Det blir særleg lagt vekt på språkutvikling, oppøving av konsentrasjon og at høgtlesing er fellesskap, noko foreldre og barn er saman om og som dei kan snakka om. Ein del foreldre er flinke til å ta borna sine med på biblioteket. Barnehagen i Nordbygda har tilbod om lesestund. Dette året har det som oftast kome to grupper frå barnehagen kvar onsdag og frå oktober har også førskuleborna kome. Då blir dei først lesne for, og så får dei låna bøker med seg tilbake.

### Leseknaпп og sommarles

Leseknaппen er eit tilbod til 2.klassingar. Denne gruppa har knekt lesekoden og treng tilrettelagd litteratur og mengdetrening for å bli gode lesarar. Når eleven har lese ti bøker, fylt ut lesekortet og fått signatur på at han har lese sjølv, får han utdelt ein flott leseknaпп. Fylkesbiblioteket kjøpte inn leseknaппar samla til alle biblioteka i Hordaland som ville vera med på prosjektet. Dei trykte òg opp flotte lesekort. Det vart kjøpt inn ein ny lettlesserie på nynorsk til alle tre biblioteka. Skulane er elles positive og lette å samarbeida med og støttar opp om dei leseprosjekta som blir sette i gong. Også sommaren 2015 arrangerte biblioteka «Sommarles-konkur-

ranse». Sidan dette er tenkt som ein ferieaktivitet, er det naturleg at foreldre tek ansvar for opplegget, men det viser seg at dersom ikkje skulen spelar ei aktiv rolle, er det færre elevar som er med. Berre 34 barn var med på konkurransen i år mot 52 året før. Men her var mange storlesarar, så likevel vart det lese 48 994 sider, ein nedgang på 7 756 sider. Med så lågt deltakartal vart det bokpremiar og is til alle i slutten av september. Biblioteket skal samarbeida med lag og organisasjonar og vera ein aktiv møteplass i lokalsamfunnet

### Kurs i slektsgransking

I oktober arrangerte biblioteket kurs i slektsgransking på data. Målet var først og fremst å læra korleis ein kunne bruka digitale kjelder for å finna ut meir om slekta si. Ikkje så mange deltok, men det var gode tilbakemeldingar frå dei som var med.

### Seniortreff på Sandnes og Sleire

Filialstyraren på Sandnes har vore med på desse treffa fleire år. Frå april har det vorte laga til bokkassar til seniortreffet på Sleire slik at dei som elles ikkje kjem seg så lett på biblioteket, kan få låna litteratur. Sidan dette treffet er lagt til tysdagar, er ein avhengig av at utlånet blir administrert av dei frivillige. Det ser ut til at fleire set pris på tilbodet og biblioteket har fått fleire nye lånarar. Ein prøver her å ta med både nyare bøker og litteratur av eldre dato som gjerne seniorane set pris på.

### Bok-og strikkekaféar

I samarbeid med Nordbygda helselag og Andvik helselag har dette tiltaket vorte vidareført både på Hosteland og Sandnes om lag ein gong i månaden i 2015. Godt samarbeid med kulturskulen gjer at elevar derfrå har hatt innslag på kaféane på Hosteland. I tillegg vert det formidla litteratur både med opplesing og presentasjon av bøker. På Hosteland har det òg vorte laga temautstillingar. I første halvår vart det samla inn gryteklutar som først vart utstilte på biblioteket og seinare på sjukeheimen. I haust har vi samla inn pyntehandkle. Publikum har sett pris på å få sjå ein del av det vakre handarbeidet som kvinner laga i tider der ein skulle tru tida til slikt var mykje mindre enn no.

### Konklusjon

Ei viktig målssetjing er å få informert om dei tenestene biblioteket kan tilby og få formidla den litteraturen som kjem. Det har vore prøvd å ha eit oppslag i Masfjordingen og på kommunen si heimeside der dei nyaste bøkene vert nemnde. Så er det å håpa at publikum opplever at biblioteket er ei god teneste både for oppleving og læring.





## Teknisk, miljø og landbruk

Det er tilsett 9 personar på avdelinga pr. 31.12.15. I tillegg kjøper Masfjorden kommune landbruksfagleg kompetanse frå Gulen kommune.

### Byggjesak, kart og oppmåling

Masfjorden kommune er med i samarbeidet med 9 andre kommunar i Nordhordland digitalt. På geodata har ein i 2015 mellom anna arrangert felles landmålardag, GIS-dag og jobba med å få på plass felles malar og rutinar for dette fagfeltet

Avdelinga får mange spørsmål frå publikum og bistår med rådgjeving i byggjesaker og rettleiing i bruk av kart i samband med frådeling og bygging.

### Adressering tildeling av adresse til eigedomar

I samband med «adresseprosjektet» har det også i 2015 vore utført arbeid med oppsetjing av namneskilt og tilvisingsskilt for husnummer langs E39, fylkeskommunale og kommunale vegar.

Ved ny eigedomsetablering nytta til bustad, fritidsbustad, næring eller liknande, vert det gjeve adresse til eigedomen i samband med byggjeløyve.

### Kommunale vegar

Det har vore utført vedlikehald med rydding i stikkrenner, lapping av asfalt og grus, høvling og snørydding/strøing. Det er og utført kantklipping og grøftereinsk.

Safe Control har gjennomført årleg kontroll av bruene i kommunen.

### Vatn/vassverk

Masfjorden kommune eig og driv fem vassverk i kommunen. Masfjorden vassverk er det største av desse vassverka og forsyner delar av Masfjordnes og Nordbygda. Sløvåg og Steineområdet i Gulen kommune vert også forsynt frå dette vassverket.

Produksjonen frå vassverket låg på om lag 167 000 m<sup>3</sup> i 2015, noko som er ein auke frå fjoråret, av dette gjekk om lag 40 000 m<sup>3</sup> til Gulen kommune. Vassverket er det største både når det gjeld produksjon og leiingsnett.

Dei fire andre vassverka er av mindre storleik og forsyner stort sett kommunale bustadfelt på Sør-Kvingo, Solheim, Haugsvær og Matre. På Matre vert også fleire bedrifter forsynt frå vassverket.

### Oversikt over saker behandla ved teknisk i 2015:

Delesaker	12	Tilknytning kommunalt vatn *	4
Byggjesaker	66	Utsleppsløyve *	3
Bruksløyve/ferdigattes	27	Oppmålingsforretningar	24
Dispensasjonar	12	Krav om retting i matrikkelen	8
Andre saker	4	Vedtak om adresse-tildeling	9

\* Saker der dette er handsama utanom byggjesaka

Av byggjesakene som har vore handsama er:  
6 søknader om bygging av bustader  
6 søknader om bygging av fritidsbustader  
2 bruksløyve/ferdigattestar er gitt i høve bustadhus  
3 av delesakene gjeld frådeling til bustadtomtar

### Utbygging:

Det er i 2015 lagt fram vassleidning til nye abonnentar på Nørland.

### Overtaking infrastruktur Duesundøy

Masfjorden kommune har i 2015 overtatt dei kommunaltekniske anlegga på Duesundøy.

I samband med utviklinga av byggjeområdet på Duesundøy inngjekk Masfjorden kommune og føretaket Reknes Byggjeverar LL eigen utbyggingsavtale. I tråd med avtalen skulle dei kommunaltekniske anlegga overdragast til kommunen når dei var ferdigstilte.

### Nye/opprusta kommunale bygg

#### Sandnes skule

Nytt ventilasjonsanlegg:  
Det vart utført arbeid med ventilasjonsanlegget på Sandnes skule sommaren 2015. Dette gjeld den eldste delen av skulen i begge etasjane. Arbeidet har omfatta 650 m<sup>2</sup>, nytt ventilasjonsanlegg på ca. 10.000 m<sup>3</sup>. Synlege kanaler i himlinger i alle klasseroma. Det er og nytt elektrisk anlegg på det som gjeld ventilasjonsarbeidet.

Der er bygd ventilasjonsrom, malingsrom og lite vifterom for støv-avsug i 1.etg.

I samband med dette arbeidet er det og utført isolering av himling i alle klasserom og gang i 2.etg.



### Sandneslia – utleigehusvære

Det har våren 2015 vore innvendig oppgradering av 1 utleigehusvære. Oppgraderinga har omfatta skifting av kjøkkeninnreidning, rehabilitering av bad, samt nye golvbelegg i husværet.

### Reinhold

Reinholdet i kommunen har sidan 2014 vore organisert i tre reinholdsområde; Nord, Indre og Sør i tillegg til sjukeheimen, som er eige område. Kvart område har ein reinholdskoordinator som er

ansvarleg for reinholdarane i sitt område. Ansvarlet inneber mellom anna å ordne med vikarar ved sjukdom/fråvær, lage ferieplan, bestille varer m m.

Kvart reinholdsområde har eigen samla økonomi for både løn, reinholdsmidlar og utstyr.

I juni 2015 vart Lucjan Piotr Skrzyczek tilsett som fast vikar for reinhold i Masfjorden kommune.

## Landbruk

### Tal frå søknader om produksjonstilskot 2007- 2013:

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Prod. tillegg *	8 612 105	9 414 166	9 613 841	8 325 000	8 997 364	9 759 482	10 248 972
Bruk	76	74	72	71	71	70	65
Mjølkebruk	15	14	14	11	12	11	11
Mjølkekyr/ammeku	141	152/11	162/6	136/17	125/17	137/10	129/8
Storfe kjøtprod.	270	254	330	308	253	316	277
Sauebruk	61	59	58	60	56	55	55
Sauer vinterfora/ utegangarsau	2 621 346	2 814 422	3 204 280	2 802 359	2 419 324	2 727 234	2 536
Geit for kjøtprod.	223	230	248	282	219	243	103
Kylling	257 235	315 162	213 072	290 600	256 400	207 041	288 832

#### \* Inkl. avløysartilskot

Samla mjølkeleveranse i 2015: 850 000 liter

#### Regionalt miljøprogram (RMP) 2015

Ordninga omfattar særskilte miljøformål i landbruket:

21 søknader

Organisert beitebruk: I 2015 er her 4 beitelag

### Hjortejakta 2007- 2015:

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Løyve	574	552	516	557	554	580	580	558	574
Felt	309	346	381	375	349	395	384	334	309
Fellings %	54	63	74	67	63	68,1	66,2	59,9	54
Fallvilt		3	0	2	4	2	3	3	-

For 2015 har ein ikkje fått inn alle fellingsrapportane enno. Tildelt 543 og ei felling på ca 2006-07 nivå. Hjortestammen er i nedgang og hadde ein topp 2012 både i Masfjorden og i fylket.

Jakttida er framskunda og forlenga til 01.09. – 23.12.

**Viltfondet:** Fellingsavgifta går inn på eit kommunalt viltfond som bl.a. går til dekking av kommunen sine utgifter med ettersøk etter skada vilt og fallvilt.

**Skotpremie for felt rovvilt:** Det vart i 2015 utbetalt skotpremie for 31 raudrev, 5 mår og 3 villmink. Uendra premie.



Det er fleire brukarar som no byggjer nye driftsbygningar eller restaurerer eksisterande bygningar. Her er Åsmund Kjetland i nyrestaurert sauefjøs.



## Masfjordsambandet

Hordaland fylkesting har vurdert Masfjordsambandet i samband med handsaminga av fylkesbudsjettet både for 2015 og 2016. Fylkestinget er positiv til at dette kan gjerast gjennom ei konseptutlysing, basert på ein funksjonsomtale. Dersom fylkeskommunen bidrar med fulle ferjeavløysingsmidlar over 40 år, refunderer meirverdiavgifta, og drift og vedlikehald inngår i leveransen og prosjektkostnaden, blir prosjektet vurdert som marginalt sjølvfinansierande over 40 år utan opptak av bompengelån. For å oppnå dette krevst det så gunstige renter på finansieringa som det kan vere mogleg å oppnå i dag, og det er ein fordel om fylkeskommunen stiller garanti. Dersom denne framgangsmåten vert vurdert til å vere for usikker, vil prosjektet kunne fullfinansierast gjennom ei bompeng-opplåning med relativt låge bompengesatssr. Det vil imidlertid ta noko lenger tid å få på plass ei slik ordning.

Imidlertid gjorde Fylkesutvalet i Hordaland slikt vedtak 29. januar 2016:

1. Fylkesutvalet går inn for at det vert sett i gang arbeid med eit teknisk/økonomisk forprosjekt for å avklare bruteknologi/brutype og kostnadsberekning for Masfjordsambandet.
2. Fylkesutvalet ber Statens vegvesen vurdere nærare å nytta konkurranseprega dialog (KPD) som anbudsform i prosjektet, slik dette er omtalt i brev datert 21.12.2015 frå Statens vegvesen til Hordaland fylkeskommune om anbudsform for Masfjordsambandet, punkt 5.2.2.
3. Fylkesutvalet vil kome attende til eventuell prioritering av Masfjordbrua så snart teknisk/økonomisk forprosjekt ligg føre.

Samtidig vart eit forslag frå fleire forslagsstillarar vedtatt over-sendt utan realitetsbehandling:

*“Fylkesutvalet presiserer at det er ferjeavløysingsmidlane i inntektssystemet som må leggjast til grunn for delfinansiering av Masfjordbrua, og ikkje reknestykket i sakutgreiinga basert på Hordaland fylkeskommune sine reelle kostnader til dagens ferjedrift med fråtrekk for auka drifts- og vedlikehaldskostnader med ny bru.*

*Ferjeavløysingsmidlane til sambandet vert 19 mill. kr (kriteriedata for tal ferjesamband) minus effekten av endra drifts- og vedlikehaldsbehov i utgiftsutjamninga, ref. omtale av ferjeavløysingsordninga for fylkesveggar i Kommuneøkonomiproposisjonen 2016. Dette nettobeløpet, dvs. det beløpet fylkeskommunen netto taper i inntektssystemet som følgje av bygging av brua, får fylkeskommunen behalda i 40 år gjennom eit særskilt tilskot (Tabell C- tilskot).”*



I 2015 hadde brannvesenet om lag tilsvarande aktivitetsnivå som i 2014. Det vart rykka ut 70 gonger til ulike hendingar. Dette stadfester at det er behov for å ha nokon som rykker ut når brann, ulukker eller akutt sjukdom råkar.



Nær halvparten av utrykkingane er, også i år, knyt til akutthjelpartenesta. Dette kan vere akutt livstruande sjukdom, eller andre situasjonar der lege og ambulanse har lang køyretid og det er viktig med å koma tidleg i gang med behandling og ikkje minst at helseressursar på veg får ei tidleg orientering om tilstand på pasient og situasjon på staden, noko som er nyttig for å vera førebudd til å gje den beste behandlinga når ein kjem fram.

Det nye naudnettet vart teke i bruk i oktober 2015. Dette har vore svært etterlengta som eit godt verktøy i samband med dialog med dei andre naudetatane og sentralane. Det har vist seg ved praktisk bruk at dette har ein imponerande dekningsgrad og talekvalitet, noko som gjev ein monaleg betre beredskap når det gjelder.

Av øvingar i 2015 kan nemnast «Øvelse Bergen 2015», som vart gjennomført i Fensfjordbassenget 27. mai. Her bidrog nærare 30 fartøy frå forsvaret, sivile og kommunale aktørar. Brannvesenet lokalt hadde skadestadsleiinga på land og i strandsona, og gjorde ein god figur saman med beredskapsaktørar frå Gulen industrihamn.

17. november vart det gjennomført i øving i LRA-deponiet i Sløvåg. Dette vart ei samøving mellom den private beredskapen i Gulen industrihamn og brannvesenet. Samøvinga fungerte godt og det er målet at dette samarbeidet skal vidareutviklast i tida frametter.



## Kommunestruktur og reformarbeid

Stortinget vedtok i 2014 at det skal gjennomførast ei kommune-reform. Masfjorden har ein gjennom 2015 hatt mykje fokus og arbeid med kommunereforma, og starta med ekstra kommunestyre og vedtok 22.januar, under sak

005/2015:Kommunereform - ny kommunestruktur

KS/ 005/2015 Vedtak:

1. Masfjorden kommune går i reelle drøftingar med sikte på å etablere ein ny kommune, saman med aktuelle nabokommunar/ andre kommunar i regionen som er interessert i dette.

Denne saka vart følgt opp med ny sak i kommunestyret sitt møte den 30. april med følgjande vedtak:

1. Masfjorden kommune oppnemner følgjande forhandlingsutval i det vidare arbeid med kommunestruktur:
  - Ordførar
  - Varaordførar
  - Formannskapsmedlem frå det største opposisjonspartiet
2. Det vert arbeidd vidare med utgreiing av alternativa
  1. Nordhordland (alle eller deler av noverande kommunar i regionen)
  2. Gulen (Høyanger sør - Modalen - Solund)
  3. Halde fram som eigen kommune
3. Masfjorden kommune gjennomfører meningsmåling knytt til alternativa under pkt. 2, først ei undersøking innan utløpet av 1.halvår 2015 og ny kartlegging våren 2016.
4. Det vert lagt opp til folkemøte, eit felles møte i starten (våren 2015), og før saka går til endeleg avgjerd/vedtak i kommunestyret juni 2016
5. Arbeidet i Masfjorden vert organisert etter følgjande modell:
 

Styringsgruppe: Masfjorden formannskap, supplert med øvrige parti som er representert i kommunestyret. Leiar: ordførar

Prosjektansvarleg: Rådmann

Prosjektgruppe: Rådmannen set saman gruppa og peiker ut leiar.

Hovudtillitsvald vert medlem. (er utpeikt - utdanningsforbundet)

Referansegruppe: nære samarbeidspartar. Leiar: ordførar

Arbeidsgrupper (ved behov)

Mandat for styringsgruppa

Styringsgruppa får delegert mynde til å utarbeide nye/ korrigerende mandat, godkjenne budsjett, samt oppdatere prosjektplan undervegs i kommunereformprosessen

Oppretta ei informasjonsside på heimesida som gir informasjon om framdrift i arbeidet med kommunereforma.

Grunngjeving: Dette vil gje informasjon til alle politiske parti og

innbyggjarane i kommunen om framdrifta til forhandlingsutvalet. Det vil i tillegg samla informasjonen rundt dette arbeidet på ein plass.

Forhandlingsmandat frå styringsgruppa:

- behalde konsesjonsavgift til lokale forhold (3 mill.kr)
- behalde konsesjonskraft i tråd med alminneleg forbruk i eigen kommune - midlar går til styrking av samferdsels føremål - Masfjordsambandet. Frigjort volum utover det Masfjorden kommune tek ut i dag går til nykommunen
- oppretthalde desentralisert tenestetilbod (skule, barnehage, helse, pleie etc.) og om muleg betre/styrking tenester - store avstandar hindrar stor sentralisering - effektivisering
- Jobbgaranti vert stilt til alle kommunalt tilsette eliminere usikkerheit

Forhandlingsutvalet i frå Masfjorden har vore samansett slik:

Før valet september 2015:

Ordførar Karstein Totland, H  
 Varaordførar Marit Steinestø, KrF  
 Arthur Sjusen, AP

Etter valet september 2015:

Ordførar Karstein Totland, H  
 Varaordførar Torill Torsvik Størkersen, Ap  
 Egil Kvingedal, V

I tillegg har rådmannen delteke på forhandlingsmøta.

### Utgreiingsalternativ 1, jf. KS sak 40/2015

Forhandlingane kring å samle heile Nordhordland og Solund til ein kommune starta opp våren 2015. Første møte vart halde på Alver Hotell i april 2015, der og Statsråd Jan Tore Sanner var til stades. Forhandlingane byggjer på to rapportar frå Telemarksforsking som regionrådet fekk utarbeidd i 2013. 1. Nye samhandlingsformer og strukturendringar i Nordhordland og 2. Rapport om kommunestruktur i Nordhordland fase 2. Undervegs forlet fleire av kommunane det store løpet. Først ut var Meland kommune med vedtak i juni 2015, følgt opp av Radøy kommune og seinare Austrheim kommune.

Biletet over kven som forhandla med kven vart etter kvart noko uoversiktleg. På møtet i regionrådet i november 2015 vart det difor fatta slikt vedtak:

«Kommunereformprosessen i Nordhordland vidare - råd frå Regionrådet 19. november 2015.

1. Regionrådet ber om at reformprosessen i sør (Lindås, Meland, Radøy) og i nord (Gulen og Masfjorden) vert gjennomført så raskt så mogeleg innan midten av februar 2016.

2. Det store Nordhordlandsalternativet vert vurdert på nytt frå februar til april med bakgrunn i dei avtalar som er forhandla fram - og avklaring av ytre forhold som inntektssystem og meir - og avhengig om nokon vil slutta seg til de alternativa (nord og sør) som er forhandla fram.

3. Regionrådet brukar resterande midlar mottatt frå fylkesmannen til å førebu sluttforhandlingar om sør- og nordalternativet og / eller bistår kommunane i sitt reformarbeid fram til mars».



### Utgreiingsalternativ 2, jf. KS sak 40/2015

Kommunane Masfjorden, Solund og Gulen hadde sitt første forhandlingsmøte 25. mars '15. Det vart gjennomført 1 møte med Høyanger kommune. Modalen kommune deltok som observatør på 1 forhandlingsmøte. Det gjennom siste året vore gjennomført fleire forhandlingsmøte mellom Gulen og Masfjorden kommunar.

Rundt nyttår 2015/2016 vart det avklart at Solund primært ønske å gå vidare som eigen kommune, alternativt dersom dei skulle søke saman med nabokommunar så ønskte dei å gjere det nordover i eige fylke.

### Utgreiingsalternativ 3, jf. KS sak 40/2015

Fokus i 2015 på å få på plass intensjonsavtalar utgreiingsalternativ 1 & 2. Mot slutten av året kom regjeringa med forslag til nytt inntektssystem, som vart sendt på høyring, og avhengig av kva som vert det endelege resultatet av endringane er sentralt i vurderinga om å halde fram som eigen kommune – dette vert først avklart juni 2016.

### Folkemøte om Kommunereforma


Masfjorden gjennomførte i månadskifte mai/juni 3 folkemøter, starta med Masfjordnes 28.mai, Matre 4.juni og Hosteland 11.juni med orientering om status i reformarbeidet, kartlegging/dokumentasjon i form av spørreskjema. Folkemøte hadde godt oppmøte og ga nyttige innspel frå innbyggjarane i høve vidare utgreiing og forhandlingsmøter med andre kommunar.

### Innbyggjarundersøking

Det vart gjennomført innbyggjarundersøking i heile Nordhordland 2015, og resultatet for Masfjorden syner skepsis til kommunesamanslåing, kor 47 % av dei spurde er i mot mot samanslåing uansett alternativ, 40 % er for, medan 13 % veit ikkje.

Dersom det blir kommunesamanslåing så har intervjuobjekta fått fire alternativ å velje mellom og resultatet fordelar seg slik:

- 46 % - Masfjorden og Gulen slår seg saman
- 20 % - Masfjorden og Modalen slår seg saman
- 14 % - Alle kommunane i Nordhordland slår seg saman
- 7 % - Masfjorden, Gulen og Solund slår seg saman
- 13 % - Veit ikkje eller Masfjorden åleine også på dette alternativet



Tidsramme for arbeidet inneber at kommunane må gjere ei endeleg avgjerd innan 30. juni 2016. Stortingshandsaming av ny kommunestruktur skal etter planen skje innan 1.halvår 2017, og ein legg legg til grunn at samanslåingane vil setjast i verk seinast frå 1. januar 2020.





# MASFJORDEN KOMMUNE

Austfjordvegen 2724

5981 MASFJORDNES

TLF 56 16 62 00 FAX 56 16 62 01

E-post: [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

[www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no)

Hovudansvarleg for innhaldet i årsmeldinga: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen  
Utforming: Mary Hope